

**Møteinnkalling**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	26.04.2022
Tid:	14:00

Dagsplan for kontrollutvalet:

Kl. 12.00 - 13.45 Deloitte har kurs om leverandørrevisjonar.

Kl. 14.00 Ordinært kontrollutvalsmøte med sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Fredrik Liltleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.02.2022	033	
	Politiske saker		
PS 7/22	Rådmannen orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune	216	
PS 8/22	Løypemelding frå rådmannen relatert til vaktordningar innan kommunalteknikk.	400	
PS 9/22	Statusrapport - Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge	217	
PS 10/22	Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - prosjektplan	217	
PS 11/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024	217	
PS 12/22	Årsmelding 2021 for Stord kontrollutval	004	
PS 13/22	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	033	
PS 14/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 6/22	FKT - Medlemsinfo mars 2022	073	
RS 7/22	Brev fra Stord kommune	601	
RS 8/22	Rapport frå tilsyn med undersøkingar i SIB 2021	040	

GK 3/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/209-6
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	4/22	26.04.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.02.2022

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 24.02.2022 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 24.02.22

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	24.02.2022
Tid:	14:00 - 17:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Liltleskare	Leder	H
Stian Djuvsland	Nestleder	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	MEDL	AP
Tore Jubskås	MEDL	SP
Gunnhild Kristin Borlaug	MEDL	FRP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torbjørn Marthinsen	Gunnhild Kristin Borlaug	FRP
Hege Myklebust	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	SV

Merknader

Det var to avbod frå gruppa Ap/Sp/KrF/SV, men berre ein vara som kunne møta.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann, sak PS 1/22
Siren Eldøy Hinderaker	Personal- og organisasjonssjef, sak PS 1/22
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS, tom. sak PS 3/22
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Fredrik Liltleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.12.2021	033	
	Politiske saker		
PS 1/22	Rådmannen orienterer om vaktordningar og overtid i Stord kommune	400	
PS 2/22	Statusrapport - Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge	217	
PS 3/22	Forvaltningsrevisjon ressursstyring innan helse- og omsorgstenester til eldre - prosjektplan	217	
PS 4/22	Orientering frå konferansar	085	
PS 5/22	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	033	
PS 6/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 1/22	VS: Midlertidig forskrift om utvidet adgang til å ha lukket møte som fjernmøte	073	
RS 2/22	FKT - medlemsinformasjon desember 2021	073	
RS 3/22	FKT fagkonferanse 08.-09.06.2022	073	
RS 4/22	Støyproblematikken frå Eldøyane næringspark / Stord hamn	216	
RS 5/22	KOFA sak 2021_1664 Klagenemnda si avgjerd	601	

GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalsleiar kommenterte at det berre var ein av varamedlemene som kunne møta frå gruppa Ap/Sp/KrF/SV, og meinte det burde vore fleire varamedlemmar for denne gruppa.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 2/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.12.2021

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021 vert godkjent.

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021 vert godkjent.

PS 1/22 Rådmannen orienterer om vaktordningar og overtid i Stord kommune

Forslag til vedtak

Ikkje forslag til vedtak

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte om forhold relatert til kommunalteknikk, og svara på spørsmål frå utvalet. Han var m.a. innom dette:

- Det er berre ein som har hatt over 300 timar årleg overtid i 2020 og 2021. Ikkje oversikt over korleis det var tidlegare år.
- Som tiltak vert timelister no sjekka månadleg, for å hindra for stort overtidsbruk.
- Som tiltak skal ikkje nokon ha vakt både innan VA og brann same veka.
- Det er avtalar som vart sagt opp i 2019, der reforhandling er blitt utsett under pandemien, men som vil bli reforhandla i år.

- Det er arbeidsmiljøundersøkingar einingsvis kvart 2. år. Ikkje spora overbelastning der som førte til sjukemeldingar.

Kontrollutvalsleiar hadde motteke opplysning om at det har mangla eit vaktlag ved vasshandsamingsstasjonen

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen gjeve frå aministrasjonen v/ rådmannen til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at rådmannen gjev ny informasjon til utvalet når nye avtalar innan kommunalteknikk er forhandla fram og signert.

PS 2/22 Statusrapport - Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at forvaltningsrevisjonen er blitt litt forseinka.
2. Ferdig rapport er forventa å koma opp i kontrollutvalet sitt møte
3. Rapport vert sendt sekretariatet innan

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland orienterte om framdrift i prosjektet..

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, med dato 23.05.22 i pkt. 2 og dato 02.05.22 i pkt. 3.

Vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at forvaltningsrevisjonen er blitt litt forseinka.
2. Ferdig rapport er forventa å koma opp i kontrollutvalet sitt møte 23.05.2022
3. Rapport vert sendt sekretariatet innan 02.05.2022

PS 3/22 Forvaltningsrevisjon ressursstyring innan helse- og omsorgstenester til eldre - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om ressursstyring innan helse- og omsorgstenester til eldre, av Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuelt ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 10.03.2022. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenne denne.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.

4. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet innan utgangen av oktober 2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd.

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmannen har framført ønskje om at forvaltningsrevisjonen vert utsett, i alle fall til ny kommunalsjef på saksfeltet er på plass i månadsskiftet mai / juni. Utvalet ville akseptera det ønskjet.

Etter sams drøfting framkom ønskje om å dreia forvaltningsrevisjonen over frå fokus på eldre til fokus på tenester for psykisk utviklingshemma. Utvalsmedlemmar hadde indikasjonar på at det kunne vera eit vel så viktig område å fokusera på. I drøftinga var utvalet bl.a. innom bufelleskap, dagtilbod, avlastningstilbod og unge som bur heime. Blandt fleire stikkord var uønska hendingar og avviksmeldingar nemnt.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet innan helse- og omsorgstenester for psykisk utviklingshemma. Utvalet ber om at Deloitte AS omdefinerer prosjektplanen slik at den er tilpassa denne gruppa etter innspel også under drøftinga i møtet.
2. Utkast til ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 17.03.2022, for gjennomgang og mulighet for innspel frå utvalsmedlemmar før endeleg bestilling i utvalet sitt møte 26.04.2022.

PS 4/22 Orientering frå konferansar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

1. Nestleiar Stian Djuvsland orienterte om kontrollutvalsleiarskulen, arrangert av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), 18. – 19.10.2021.
2. Leiar Fredrik Litleskare orienterte om Kontrollutvalgskonferansen, arrangert av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene, 02. – 03.02.2022.
3. Leiar Fredrik Litleskare orienterte om folkevaldopplæring for kommunale kontrollutval i Hordaland, arrangert av Vestland fylkeskommune (VLFK) v/ sekretariat for kontrollutvalet, 15. – 16.02.2022.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

Foilar frå konferansane vert å senda til kontrollutvalet.

PS 5/22 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Leiar, nestleiar og sekretariat hadde gjennomgang av aktuelle saker frå møter omtalt i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 6/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

A) Streaming av møter i Stord kommune.

Vurdering om streaming av andre møter enn kommunestyremøta er utsett til budsjettarbeidet for 2022. Det førelåg skisse om streaming av formannskaps- og hovudutvalsmøter. Ikkje av kontrollutvalsmøter. Utvalet slutta seg til at det ikkje er naudsynt å streama kontrollutvalet sine fysiske møter. Møtene er opne, med tilgang for publikum.

B) Kurs arrangert av Deloitte.

Kurs som skulle vore i forkant av møtet vart avlyst grunna sjukdom hjå arrangør. Deloitte tilrår at leverandørrevisjonskurset kjem ifm. møtet 26. april, og innkjøpskurset ifm. møtet 23. mai. Kontrollutvalet slutta seg til det

C) Standard atterhald om revisjon ifm. løyvingar.

Svar på spørsmål frå utvalet vart motteke same veke som utvalsmøtet. Sekretariatet vart beden om å senda svaret til utvalsmedlemmane samstundes som protokollen vert sendt ut.

Vedtak

A) Streaming av møter i Stord kommune.

Utvalet slutta seg til at det ikkje er naudsynt å streama kontrollutvalet sine fysiske møter.

B) Kurs arrangert av Deloitte.

Kurs om leverandørrevisjonskurset kjem ifm. møtet 26. april, og kurs om innkjøpskurset ifm. møtet 23. mai.

C) Standard atterhald om revisjon ifm. løyvingar.

Svar på spørsmål frå utvalet til kommuneadm. vert sendt kontrollutvalsmedlemmane samstundes som protokollen vert sendt ut.

RS 1/22 VS: Midlertidig forskrift om utvidet adgang til å ha lukket møte som fjernmøte

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 2/22 FKT - medlemsinformasjon desember 2021

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 3/22 FKT fagkonferanse 08.-09.06.2022

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet var innstilt på at to av dei faste utvalsmedlemmane kunne delta på konferansen. Av dei fram møtte var utvalsleiar interessert, medan nestleiar ikkje tenkte å delta her.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet opnar for at to av utvalsmedlemene kan delta på konferansen.

RS 4/22 Støyproblematikken frå Eldøyane næringspark / Stord hamn

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 5/22 KOFA sak 2021_1664 Klagenemnda si avgjerd

Saksprotokoll 24.02.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Kontrollutvalet ønskjer eit skriftleg svar frå administrasjonen om kva som skjedde etter KOFA sin beslutning, bl.a. ut frå pkt. 38 i klagenemnda si avgjerd.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet ønskjer eit skriftleg svar frå administrasjonen om kva som skjedde etter KOFA sin beslutning, bl.a. ut frå pkt. 38 i klagenemnda si avgjerd.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/230-6
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	7/22	26.04.2022

Rådmannen orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar rådmannen si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet vil i denne saka få mogelegheit til å bli oppdatert om Stord kommune sitt arbeid med kommunal økonomisk berekraft.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelse kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) *økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) *årsregnskapene og årsberetningene*
- c) *finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) *regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) *regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Videre står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) *Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

Kontrollutvalet behandla sak om kommunal økonomisk berekraft 02.12.2021 og vedtok i sak PS 42/21 følgjande:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma i møte 26.04.2022 for å gjera greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune.
2. Orienteringa kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på t.d.:
 - a) Kommunale bygningar?
 - b) Kommunale vegar, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avlaup
 4. Er det laga planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn igjen?
 5. Er rådmannen komfortabel med situasjonen på desse områda?

3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert send sekretariatet innan 04.04.2022.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I tråd med vedtak i kontrollutvalet 02.12.2021, vart rådmannen informert om vedtaket i partsbrev av 08.02.2021.

Påminning, jmf. vedtakspunkt 3 overfor, vart sendt 05.04.2022, med opplysning om at notat måtte koma innan 07.04.2022 på morgonen, dersom sekretariatet skulle få notatet integrert i saka. Det vart og opplyst om at saka vil bli sett på sakskartet som fastsett og at invitasjon til rådmannen om å informera om status vedr. kommunal økonomisk berekraft i kontrollutvalsmøtet står ved lag. Det vart ikkje motteke notat innan den forlenga fristen, og det er såleis ikkje vedlegg i saka.

Konklusjon

I tråd med vedtaket i kontrollutvalet 02.12.2021 er rådmannen invitert til å koma i dette møtet for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/204-20
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	8/22	26.04.2022

Løypemelding frå rådmannen relatert til vaktordningar innan kommunalteknikk.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

I kontrollutvalet sitt møte 24.02.22 orienterte rådmannen om vaktordningar og overtid i Stord kommune. Til dette møtet er rådmannen invitert for å gje ei løypemelding relatert til vaktordningar innan kommunalteknikk.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalsmøte 24.02.2022.

Det vert vist til saksframlegg og protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 24.02.2022, sak PS 1/22 - Rådmannen orienterer om vaktordningar og overtid i Stord kommune.

Følgjande går fram av protokoll frå møtet:

Behandling i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte om forhold relatert til kommunalteknikk, og svara på spørsmål frå utvalet. Han var m.a. innom dette:

- Det er berre ein som har hatt over 300 timar årleg overtid i 2020 og 2021. Ikkje oversikt over korleis det var tidlegare år.
- Som tiltak vert timelister no sjekka månadleg, for å hindra for stort overtidsbruk.
- Som tiltak skal ikkje nokon ha vakt både innan VA og brann same veka.
- Det er avtalar som vart sagt opp i 2019, der reforhandling er blitt utsett under pandemien, men som vil bli reforhandla i år.
- Det er arbeidsmiljøundersøkingar einingsvis kvart 2. år. Ikkje spora overbelastning der som førte til sjukemeldingar.

Kontrollutvalsleiar hadde motteke opplysning om at det har mangla eit vaktlag ved vasshandsamingsstasjonen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen gjeve frå administrasjonen v/ rådmannen til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at rådmannen gjev ny informasjon til utvalet når nye avtalar innan kommunalteknikk er forhandla fram og signert.

Kontrollutvalsmøte 26.04.2022.

Slik e-post vart sendt frå sekretariatet til rådmannen 05.04.2022:

Viser til orientering om vedtak i sak PS 1/22 frå kontrollutvalet sitt møte 24.02.22:

«Kontrollutvalet ønskjer at rådmannen gjev ny informasjon til utvalet når nye avtalar innan kommunalteknikk er forhandla fram og signert.»

Somtid ønskjer kontrollutvalet løypemelding undervegs når det pågår eit arbeid som utvalet har fokusert på. Døme – framdrift i pågåande forvaltningsrevisjonar.

Kontrollutvalsleiar og underteikna har i dag hatt gjennomgang av saksliste til neste kontrollutvalsmøte. **Utvalsleiar ønskjer at rådmannen orienterar om status for det pågåande arbeidet.**

Antar det går greitt, ettersom rådmannen likevel skal orientera i ei anna sak **26.04.22 frå kl. 14.00**. Informasjon i denne saka kan takast i forlenginga av sak om Kommunal økonomisk berekraft (KØB).

Eg ser for meg å oppretta ei politisk sak med tittel:

Løypemelding frå rådmannen relatert til vaktordningar innan kommunalteknikk.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det overordna, jmf. kontrollutvalet sitt vedtak i sak PS 1/22, er at rådmannen skal gje ny informasjon til utvalet når nye avtalar innan kommunalteknikk er forhandla fram og signert.

Rådmannen er denne gongen invitert for å gje ei løypemelding relatert til vaktordningar innan kommunalteknikk, slik at kontrollutvalet blir informert om status.

Sidan førre kontrollutvalsmøte har kontrollutvalsleiar bede om og fått vaktlistar frå tida før 2020. Kontrollutvalet sine medlemmar og møtande varamedlemmer i utvalet sitt februar møte har fått tilgang til desse. Dette er ikkje trekt inn i denne saka, då saka i dag er ei løypemelding om pågåande arbeid.

Konklusjon

Det vert invitert til at kontrollutvalet tar løypemeldinga frå rådmannen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/201-3
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	9/22	26.04.2022

Statusrapport - Forvaltningsrevisjon om førebyggende arbeid for barn og unge

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om dei er i rute med denne forvaltningsrevisjonen, ettersom leveringsfristen nærmar seg.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan førebyggjande arbeid for barn og unge i møte 31.08.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.09.2021.
3. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
4. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
5. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.03.2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i andre møte i 2022.

Frå vedtak til endeleg prosjektplan:

- I tråd med punkt 2 i vedtaket mottok sekretariatet forslag til prosjektplan frå Deloitte innan fristen.
- Kontrollutvalet hadde ein del innspel i møtet 31.08.21, medteke i protokoll frå møtet under «handsaming i møtet». Utvalsleiar og utvalssekretær finn at innspela i stor grad er teke omsyn til i revidert prosjektplan. Endringane medførte ein liten kostnadsauke som ein meiner det er dekning for.
- I tråd med punkt 3 i vedtaket vart endeleg prosjektplan godkjent av kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, 20.09.21, og melding om det vart sendt til Deloitte.
- Endeleg prosjektplan vert lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til denne saka.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Stord kommune etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge?
 - a) Har Stord kommune etablert mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge?
 - b) Har Stord kommune eit tilfredsstillande system for å kartlegge og sikre seg oversikt over oppvekstvilkår og helsesituasjonen blant barn og unge?
- 2) Har Stord kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn og unge? Under dette:
 - a) Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?
 - b) I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt ansvar for
 - i) å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. psykisk helse- og/eller rusutfordringar og familievald)
 - ii) å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?

- c) Er det etablert retningslinjer og rutinar som sikrar tilstrekkeleg oppfølging av utsette barn som flyttar til eller frå kommunen (ev. som har delt bustad mellom to kommunar)?
- d) I kva grad fungerer modellen *Betre Tverrfagleg Innsats* (BTI) i samsvar med intensjonen?
- e) Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid (inkludert innan modellen BTI)?
- f) I kva grad har det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge blitt påverka av covid-19 pandemien?
- 3) I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?
- a) Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene og mellom velferdstenestene og andre aktuelle tenester (t.d. kultur) som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?
- b) Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?

Av prosjektplanen går det vidare fram at det er lagt inn slike avgrensingar i revisjonen:

Forvaltningsrevisjonen vil undersøke kommunen sitt førebyggjande arbeid retta mot barn og unge opp til 18 år.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og handsama i kontrollutvalet, skal utvalet innstilla til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Bl.a. dette, vart rapportert i kontrollutvalet sitt møte 02.12.21:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Sekretariatet etterspurde status til desembermøtet, samstundes som revidert prosjektplan vart akseptert, og mottok 17.11.21 slike stikkord:

- «Revisjonen sendte oppstartsbrev og dokumentførespurnad til kommunen 23. september. Det blei sett frist for oversending av dokumentasjon 7. oktober. Vi fekk dokumentasjonen tilsendt ein dag over frist
- Dokumentasjonen vi har fått tilsendt er relativt ustrukturert, så vi har brukt noko tid på å strukturere dette og få oversikt.
- Vi har 17.11 sendt førespurnad om gjennomføring av sju intervju med til saman ti personar i veke 48 . Vi tenker å gjennomføre dei resterande intervjua i starten av januar 2022, inkludert fokusgruppeintervju med ungdomar i kommunen (Vi har i prosjektplanen lagt opp til 10-12 intervju).
- Vi har avklart med kommunen at dei ønskjer tre veker til verifisering og høyring av rapportutkastet og to veker til høyringsuttale frå rådmannen.
- Per i dag er det ikkje stor risiko for forseinkingar i prosjektet.»

Informasjon av 10.02.22:

Deloitte v/ Frode Løvlie ringte til sekretariatet 10.02.22. Han orienterte om at det har vore sjukdom blant nøkkelpersonell for denne revisjonen i ein kritisk fase av prosjektet. Såleis ville nok revisjonen bli noko forseinka. Kor lang tid det dreiar seg om, vil bli betre avklart i tida fram mot kontrollutvalet sitt møte 24.02.22.

Jmf. prosjektplanen skulle rapporten vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mars 2022.

I kontrollutvalet sitt møte 24.02.22 vart dette vedteke.

1. Kontrollutvalet konstaterer at forvaltningsrevisjonen er blitt litt forseinka.
2. Ferdig rapport er forventa å koma opp i kontrollutvalet sitt møte 23.05.2022
3. Rapport vert sendt sekretariatet innan 02.05.2022

Konklusjon

Etter tidlegare utsetting, nærmar det seg ny leveringsfrist. Då er det greitt for utvalet å få konstatert om prosjektet er i rute.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/154-12
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	10/22	26.04.2022

Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma, av Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til revidert prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuelt ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 09.05.2022. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna denne.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet innan utgangen av desember 2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagt forslag til revidert prosjektplan frå Deloitte AS på kva forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revidert prosjektplan - Stord kommune.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Om fastsetting av prosjekt – fase 1

Kontrollutvalet handsama 02.12.2021 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll i sak PS 44/21, og dette vart protokollert:

Handsaming i møte

Det kom framlegg frå Hege Myklebust (SV) om å gå for neste prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon: «Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg».

I ei første avrøysting vart det samrøystes avgjort at utvalet denne gongen ville gå for forvaltningsrevisjonsprosjekt framfor prosjekt innan eigarskapskontroll.

I ei andre avrøysting vart Hege Myklebust sitt framlegg til tema samrøystes vedteke.

Utvalet drøfta etter det kva som kunne vera aktuelt å sjå på innan nemnte tema, og slike moment kom fram:

- Sjå på omtale av prosjektet i Stord kommune sin plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 inkl. risiko- og vesentlegvurdering som låg til grunn for denne, evt. og om det er anna relevant planverk på området.
- Konsekvensar av budsjettkutt - tilboda til brukarar - vilkåra for tilsette
- Belastningar og sjukemeldingar
- Prioriteringar og ressursbruk
- Kva planar har ein for ekstremisituasjonar som utfordringar relatert til pandemi.
- Krisehandtering
- Kompetanse og personell ift. pasientsituasjonen.
 - Kompetanseheving medan ein er i arbeidet
 - Forholdet mellom ansvar og kompetanse
- Tiltak for å halda på personell / oppretthalda bemanning.
- Gjeld «alle» yrkesgrupper innan helse og omsorg.
- Pasientgrupper – demografi – fysisk utforming

Forslag til vedtak, inkl. val av prosjekt i pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon: «Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg».
2. Utvalet ber Deloitte om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 25.01.2022.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i første utvalsmøte i 2022.

Om fastsetting av prosjekt – fase 2

Kontrollutvalet handsama 24.02.2022 Bestilling av forvaltningsrevisjon i sak PS 3/22, og dette vart protokollert:

Handsaming i møte

Rådmannen har framført ønskje om at forvaltningsrevisjonen vert utsett, i alle fall til ny kommunalsjef på saksfeltet er på plass i månadsskiftet mai / juni. Utvalet ville akseptera det ønsket.

Etter sams drøfting framkom ønske om å dreia forvaltningsrevisjonen over frå fokus på eldre til fokus på tenester for psykisk utviklingshemma. Utvalsmedlemmar hadde indikasjonar på at det kunne vera eit vel så viktig område å fokusera på. I drøftinga var utvalet bl.a. innom bufelleskap, dagtilbod, avlastningstilbod og unge som bur heime. Blandt fleire stikkord var uønska hendingar og avviksmeldingar nemnt.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet innan helse- og omsorgstenester for psykisk utviklingshemma. Utvalet ber om at Deloitte AS omdefinierer prosjektplanen slik at den er tilpassa denne gruppa etter innspel også under drøftinga i møtet.
2. Utkast til ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 17.03.2022, for gjennomgang og mulighet for innspel frå utvalsmedlemmar før endeleg bestilling i utvalet sitt møte 26.04.2022.

Om fastsetting av prosjekt – fase 3

Kontrollutvalet vert i dette møtet invitert til å fastsetta den endelege prosjektplanen.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er kommunestyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

I saksframlegget er det lagt opp til å ha fokus på innretning av forvaltningsrevisjon basert på revidert prosjektplan.

Av den føreslegne prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har system for å sikre effektive helse- og omsorgstenester til utviklingshemma. Konsekvensane av covid-19-pandemien vil gjennomgåande vere aktuelle å sjå på knytt til dei ulike problemstillingane.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisor formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har Stord kommune etablert **strategi og planar** for å sikre nødvendig kapasitet og kompetanse innan tenestene til utviklingshemma når det gjeld:
 - a) Normalsituasjon
 - b) Pandemisituasjon eller ved andre kritiske hendingar
2. I kva grad dekker **tilbodet** innan tenester til utviklingshemma behovet for tenester?
 - a) Korleis er Stord kommune sine kostnader til tenester til utviklingshemma samanlikna med relevant KOSTRA gruppe?
 - b) I kva grad er tilbodet dimensjonert effektivt med omsyn til ulike omsorgsnivå (slik som butilbod, støttekontakt, dagtilbod, avlastningstilbod)?
 - c) I kva grad er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
 - d) I kva grad er det etablert ei god samhandling mellom tildelingskontor og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?

3. I kva grad har ein sikra **tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse** i tenestene?
 - a) Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynste tenester?
 - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
 - i. Ved rekruttering
 - ii. Gjennom kompetansehevande tiltak
 - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
 - i. I kva grad arbeider kommunen med å redusere sjukefråvær knytt til arbeidsrelaterte forhold?

4. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande **avvikssystem**?
 - a) I kva grad meiner tilsette at det er tydeleg kva som er avvik og korleis desse skal meldast?
 - b) I kva grad blir det meldt avvik ved brot på rutinar?
 - c) Blir avvik fulgt opp på ein tilfredsstillande måte for å sikre læring og forbetring?

Metode ved gjennomføring av prosjektet

Revisjonsprosjektet vil bli gjennomført i samsvar med standarden RSK001. Prosjektet vil bli kvalitetssikra i samsvar med krav til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual.

Revisor vil nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking og analyse av statistikk for innhenting av informasjon og dokumentasjon. Deloitte tek sikte på å gjennomføre 4 – 5 intervju.

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

Andre vurderingar.

I tråd med kontrollutvalet sitt vedtak 24.02.2022 i sak PS 3/22, pkt. 2, har kontrollutvalet sine medlemar og møtande varamedlemar i dette møtet, hatt revidert prosjektplan til gjennomsyn. Sekretariatet har ikkje motteke innspel innan fastsett frist.

Tittel på prosjektet måtte endrast ettersom innretninga vart annleis enn der utvalet starta ut. Sekretariatet meiner tittel på saka er grei ift. kva revisjon som no skal gjennomførast.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslegne prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått. Sekretariatet registrerer at det går fram av prosjektplanen at ferdig revisjonsrapport kan leverast sekretariatet innan utgangen av desember.

Ettersom restsum for pågåande forvaltningsrevisjon vert finansiert ved overføring av midlar frå 2021, jmf. kontrollutvalet sitt vedtak i sak PS 48/21 underpunkt D, så er det dekning for dette nye prosjektet i vedteke budsjett for 2022. Dersom kontrollutvalet vel å bruka ressursar relatert til andre saker i møtet, kan det ha innverknad på handtering av denne saka.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

«Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma – revidert prosjektplan»

Mars 2022

Prosjektplanen er utarbeidd for Stord kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillinger	2
2	Revisjonskriterier	3
3	Metode	5
4	Tid og ressursbruk	6

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte utarbeidde i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 02.12.2021, sak 44/21, ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma i Stord kommune. Kontrollutvalet vedtok i møte 24.02.2022 å bestille ein revidert prosjektplan med tema effektivitet og kvalitet i helse- og omsorgstenester til utviklingshemma. Deloitte legg med dette fram revidert prosjektplan.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har system for å sikre effektive helse- og omsorgstenester til utviklingshemma. Konsekvensane av covid-19-pandemien vil gjennomgåande vere aktuelle å sjå på knytt til dei ulike problemstillingane.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har Stord kommune etablert **strategi og planar** for å sikre nødvendig kapasitet og kompetanse innan tenestene til utviklingshemma når det gjeld:
 - a) Normalsituasjon
 - b) Pandemisituasjon eller ved andre kritiske hendingar
2. I kva grad dekker **tilbodet** innan tenester til utviklingshemma behovet for tenester?
 - a) Korleis er Stord kommune sine kostnader til tenester til utviklingshemma samanlikna med relevant KOSTRA gruppe?
 - b) I kva grad er tilbodet dimensjonert effektivt med omsyn til ulike omsorgsnivå (slik som butilbod, støttekontakt, dagtilbod, avlastningstilbod)?
 - c) I kva grad er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
 - d) I kva grad er det etablert ei god samhandling mellom tildelingskontor og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?
3. I kva grad har ein sikra **tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse** i tenestene?
 - a) Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynte tenester?
 - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
 - i) Ved rekruttering
 - ii) Gjennom kompetansehevande tiltak
 - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
 - i) I kva grad arbeider kommunen med å redusere sjukefråvær knytt til arbeidsrelaterte forhold?
4. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande **avvikssystem**?
 - a) I kva grad meiner tilsette at det er tydeleg kva som er avvik og korleis desse skal meldast?
 - b) I kva grad blir det meldt avvik ved brot på rutinar?
 - c) Blir avvik fulgt opp på ein tilfredsstillande måte for å sikre læring og forbetring?

2 Revisjonskriterier

2.1 Innleiing

Revisjonskriterier vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriterier under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om **nødvendige helse- og omsorgstenester**.¹ Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.²

I § 3-2 står det at kommunen for å oppfylle ansvaret etter § 3-1 kommunen mellom anna skal tilby følgjande:

- (...)
- 6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder:
 - a. helsetjenester i hjemmet,
 - b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt
- (...)

§ 3-3 omhandlar helsefremjande og førebyggjande arbeid. Her står det at helse- og omsorgstenesta skal arbeide for at det blir sett i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemma og andre som har behov for det.

I helse- og omsorgstenestelova § 3-6 framgår det at kommunen har eit ansvar overfor pårørande med særleg tyngande omsorgsarbeid, og at kommunen i desse tilfella skal tilby nødvendig pårørendestøtte i form av:

1. opplæring og veiledning
2. avlastningstiltak
3. omsorgsstønad

§ 4-1 i helse- og omsorgstenestelova omtalar krav til **forsvarlegheit** i kommunen sine helse- og omsorgstenester. Her går det mellom anna fram at kommunen skal tilrettelegge tenestene slik at helse- og omsorgstenesta og personell som utfører tenestene blir i stand til å overhalde sine lovpålagde plikter (§ 4-1 c) og at tilstrekkeleg fagkompetanse blir sikra i tenestene (§ 4-1 d).

Ifølgje helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd innebærer kommunen sitt ansvar for nødvendige helse- og omsorgstenester også ei plikt til å «planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenestene sitt omfang og innhald er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.» Internkontrollpliktene er nærare regulert i ei eiga forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta. Etter denne forskrifta har leiinga mellom anna plikt til å ha oversikt over og gjennomgå **avvik** slik at liknande forhold kan førebyggjast.

Kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova omtalar rettstryggleiken ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming. Føremålet med reglane under kapittel 9 er å hindre at personar med utviklingshemming utset seg sjølv eller andre for vesentleg skade og førebygge og begrense bruk av tvang og makt.

Helsedirektoratet har utarbeidd rettleiaren «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming» som omhandlar både lovkrav og tilrådingar for å sikre gode tenester.³ Rettleiaren omtalar

¹ Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 første ledd.

² Ibid, § 3-1 andre ledd.

³ Helsedirektoratet: [Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming](#).

både forhold som samarbeid og kompetanse, personsentrerte og individuelt tilrettelagde tenester, habilitering og bistand i dagleglivet og helseoppfølging.

2.2.2 Oversikt over tilsette sin kompetanse og behov for opplæring

§ 4-2 i helse- og omsorgstenestelova omhandlar kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik. Her står det at den som yter helse- og omsorgstenester skal sørge for at verksemda arbeider systematisk for kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik.

I § 3 i forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta står det følgjande om overordna ansvar:

Den som har det overordnede ansvaret for virksomheten skal sørge for at det etableres og gjennomføres systematisk styring av virksomhetens aktiviteter i tråd med denne forskriften og at medarbeiderne i virksomheten medvirker til dette.⁴

I forskrifta går det fram at verksemda skal ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, jf. § 6f. Vidare står det i § 7b, at verksemda skal sørge for at medarbeidarar i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystem.

I Helsedirektoratet sin rettleiar⁵ til forskrifta, blir det i rettleiinga til § 6f vist til at det er øvste leiar sitt ansvar å sørge for system som sikrar at medarbeidarane har kunnskap og ferdigheiter til å utføre oppgåvene sine, og at dette føreset at verksemda jamleg gjennomfører kompetansekartleggingar, rekrutterer medarbeidarar med rett kompetanse og sørgjer for at dei får tilstrekkeleg opplæring og etter- og vidareutdanning.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

⁴ Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta § 3.

⁵ Helsedirektoratet: Veileder til forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstjenesten. Sist endra 29.10.2018.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå Stord kommune som er involvert i effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma. Vi vil intervjuje leiarar for ulike einingar innan desse tenestene. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 4-5 intervju.

3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til eit utval leiarar og tilsette for å få informasjon om avvikskultur, bemanning, kapasitet og kompetanse i dei ulike tenestene.

3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå KOSTRA og liknande knytt til sentrale variablar innan helse og omsorg for å samanlikne Stord kommune med samanliknbare kommunar.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes (manager) og Marie Flood (konsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 300 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere mai 2022 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av desember 2022. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju og at det innan rimeleg tid blir oppnådd ein tilfredsstillande svarprosent i spørjeundersøkinga.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Stord kommune og Deloitte.

Bergen, 17. mars 2022



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2022 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/243-1
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	11/22	26.04.2022

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

Alt. 1

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre ei rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik rullering, i tråd med dei føringar utvalet gjev, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 15.08.2022, slik at den kan behandlast i første møte i kontrollutvalet, hausten 2022.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal starta arbeidet med å rullere plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024, med målsetting om at arbeidet skal vere ferdig utført i løpet av hausten 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørende forvaltningsrevisjon finn me i kommunelova §§ 23-2, c og 23.3. I § 23-2, c er kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at forvaltningsrevisjon vert gjennomført skildra. Vidare handlar § 23-3 om kva forvaltningsrevisjon er og deretter plan for forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5 går det fram rapportering og oppfølging av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap, med sikte på å identifisera område i kommunen med størst behov for forvaltningsrevisjon.

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slikt vedtak i sak PS 53/2020 «Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024» i møte 24.09.2020:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova § 23 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og kommunestyret skal gjera vedtak i saka.

I tråd med punkt 5 i vedtaket over går det fram at planen skal reviderast ein gong i valperioden, og at kontrollutvalet har fått mynde til å gjennomføra denne evalueringa.

Vurderingar og verknader

Det er så langt i denne planperioden gjennomført/bestilt desse prosjekta innan forvaltningsrevisjon:

1. Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Forvaltningsrevisjon innan beredskap
3. Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming
4. Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma

Bakgrunnen for at det kan vera føremålstenleg å rullera plan for forvaltningsrevisjon omlag midt i planperioden, er at det truleg er endringar av risikobiletet i Stord kommune sidan 2020 då planen vart utarbeidd.

Det er to alternative framgangsmåtar for å få gjennomført ei evaluering.

1. Kontrollutvalet kan be revisor utarbeide eit forslag til gjennomføring av ei rulling av planen.
2. Kontrollutvalet kan sjølv evaluere planen i eit arbeidsmøte.

Ved utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som låg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024, valde kontrollutvalet å nytta kommunen sin revisor til å gjera arbeidet, inkludert

prosessarbeid i kontrollutvalet. Revisor utarbeidde forslag til plan for forvaltningsrevisjon på bakgrunn av det arbeidet som vart gjort i analysearbeidet. Kontrollutvalet behandla planen, og kommunestyret fekk planen til behandling etter innstilling frå kontrollutvalet. Det er verdt å merka seg at kommunen i mellomtida har fått ny revisor, som kan sjå på planverktøyet med nye auger.

Sekretariatet vurderer prosessen som var gjort ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 til å vere god, med bra involvering både frå politisk og administrativ side. Resultatet var at kommunen fekk ein god plan med viktige område for revisjon. Sekretariatet rår, på bakgrunn av ovanstående, til at kontrollutvalet nyttar kommunen sin «nye» revisor i rulleringsarbeidet, med andre ord alternativ 1 over. Dette kan og vera eit ressurs spørsmål, men det er avgrensa med timar som går med til arbeidet, så det kan vera verdt å bruka midlar på dette.

For ordens skuld kan nemnast at tilsvarande plan for eigarskapskontroll også skal evaluerast i løpet av planperioden. Denne planen er monaleg mindre omfattande. Evalueringa av denne bør kunna takast etter alternativ 2 overfor – at kontrollutvalet sjølv evaluerer plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 i eit arbeidsmøte.

Konklusjon

Kontrollutvalet bør i 2022 følgja opp vedtaket om å rullera planen minst ein gong i valperioden. På bakgrunn av dette rår sekretariatet utvalet til å be Deloitte utarbeide forslag til ein prosjektplan for korleis dette arbeidet bør gjerast. I sitt arbeid med prosjektplanen bør Deloitte leggja til grunn at rulleringa skal skje på bakgrunn av risiko- og vesentlegvurdering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/233-1
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	12/22	26.04.2022

Årsmelding 2021 for Stord kontrollutval

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2021. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsmelding 2021 for Stord kontrollutval

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Stord kommune for 2021. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å rapportere resultata av kontrollutvalet sitt arbeid til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Årsmeldinga peikar både på behandling av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga politisk sak, slik det og har vore gjort i fleire år no.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2021 til godkjenning i kommunestyret.



ÅRSMELDING 2021

FOR KONTROLLUTVALET

I

STORD KOMMUNE



1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I kommunelova finn ein i kap. 23 «Kontrollutvalgets virksomhet». I § 23-1 står det mellom anna:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023 er slik samansett:

Fredrik Litleskare (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Stian Djuvsland (FrP)	Nestleiar
Rigmor Svanberg (FrP)	medlem (friteken av Kst 25.11.21 PS 53/21)
Gunnhild Kristin Borlaug (FrP)	Medlem (ny medlem frå 25.11.21 PS 53/21)
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen (Ap)	medlem
Tore Jubskås (Sp)	medlem

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Fredrik Litleskare er kommunestyremedlem.

3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2021**

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2021 og handsama 48 politiske saker og 26 referatsaker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har møtt på alle møta i kontrollutvalet
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstillar utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er sekretær for kontrollutvalet i Stord kommune, og kontrollsjef Hogne Haktorson har møtt på alle møtene. Sekretariatet er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Bjørnafjorden, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy. Dessutan for kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellesråd.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbudskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 24.11.16 (sak PS 86/16):

«Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år».

Andre opsjonsår gjeld etter dette til 30.07.2022.

5 Revisjonsordninga og revisjonstenesta

Revisjonsordninga.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006.

Revisjonsordninga vart vurdert av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016, og kommunen valde å halda fram med denne revisjonsordninga.

Revisjonsordninga var på ny på dagsorden i 2020 og 2021. Kommunestyret gav 24.09.20 (PS 38/20) fullmakt til kontrollutvalet om å gjennomføra konkurranse for ny avtaleperiode, men hadde med eit tilleggspunkt: «Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland Revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Sak frå kontrollutvalet vart handsama av kommunestyret 17.12.20 (PS 86/20). Det vart vedteke at ein ønskjer å få meire informasjon frå Rogaland Revisjon og at «Fram til ny vurdering, held Stord kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.»

Ny sak kom opp i kontrollutvalet 31.08.21 (PS 37/21) og kommunestyret 30.09.21 (PS 32/21). Innstilling frå kontrollutvalet og vedtak i kommunestyret var likelydande:

1. *Kommunestyret ønskjer ikkje å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS då det heller ikkje no ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig total revisjonskostnad for Stord kommune med ei slik ordning.*
2. *Kommunestyret tar ikkje opp saka til ny vurdering før det eventuelt ligg føre meir informasjon frå Rogaland Revisjon IKS.*

Revisjonstenesta.

KPMG AS var revisor for Stord kommune i perioden 01.07.2017 til 30.06.2021.

Konkurransen for ny avtaleperiode – frå 01.07.2021 – gjekk føre seg vinter/vår 2020/2021. Kontrollutvalet gav si innstilling i møte 19.04.21 (PS 19/21). Kommunestyret vedtok innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 12/21):

«Kommunestyret i Stord kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 – 30.06.2025.»

KPMG AS har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er. Begge revisjonsselskapa har elles lagt fram rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i KPMG Willy Hauge i første halvår 2021 og partner i Deloitte AS Else Holst-Larsen i 2. halvår. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at henholdsvis KPMG AS og Deloitte AS er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

6 Forvaltningsrevisjon.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

På kontrollutvalet sitt møte 11.12.2019 bestilte utvalet oppstart av nytt planarbeid, og ba KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, samt utarbeida forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

Plan for forvaltningsrevisjon blei vedteken i kommunestyremøte 24.09.2020. (PS 53/20).

6.2 Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon

Pkt. 6.3 og 6.4 gjeld forvaltningsrevisjonar som vart handsama av kommunestyret i 2021. Pkt. 6.5 gjeld oppfølging av tidlegare levert forvaltningsrevisjon.

6.3 Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Kontrollutvalet fekk informasjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) til sitt møte 11.03.20. Kontrollutvalet i Stord kommune tok så initiativ til å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet inviterte samstundes dei samarbeidande kommunane til å vera med på å ha ein sams forvaltningsrevisjon.

Alle samarbeidskommunane slutta seg til bestillinga, som då vart eit sams prosjekt for kommunane Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Etne og Sveio.

Endeleg bestilling vart sendt til KPMG 05.06.20, etter at stadfesting var motteken frå alle kommunane, samt at innspel frå eit par kommunar var handtert.

Kontrollutvalet har fått fleire løypemeldingar undervegs. Rapport skulle opphavleg vera klar på slutten av 2020, men vart noko seinka. Den vart handsama i kontrollutvalet 19.04.21 (PS 13/21) og kommunestyret 27.05.21 (PS 13/21). Kontrollutvalet si innstilling, med tillegg av nytt pkt. 5 og endra rapporteringsdato i pkt. 6, vart vedteke av kommunestyret:

Kommunestyret ber rådmannen om:

- 1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den ein skilde kommune.*
- 2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.*
- 3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.*
- 4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*
- 5. Formidla at "Stord kommunestyre ynskjer at HVL Campus Stord så langt som råd har prioritet som samarbeidspart i patnarskap og utviklingsprosjekt FOS koordinerer.*
- 6. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 01.10.2021.*

Kontrollutvalet hadde tilbakemeldinga frå rådmannen oppe til handsaming i møte 02.12.2021 (PS 38/21), og fatta då slik vedtak:

Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) og ønskjer lukke til i det vidare arbeidet.

6.4 Forvaltningsrevisjon innan beredskap.

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan beredskap i møte 15.10.2020 (sak PS 34/20)

Innstilling i høve endeleg rapport var oppe i kontrollutvalet 19.05.21 (PS 26/21). Med endra ordlyd i pkt. B8, vedtok kommunestyret innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 16/21):

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. *Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.*
- A2. *Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.*

- B1. *Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.*
- B2. *Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.*
- B3. *Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.*
- B4. *Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.*
- B5. *Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.*
- B6. *Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.*
- B7. *Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.*
- B8. *Kommunen skal ha rutinar for å gjera skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.*

- C1. *Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.*
- C2. *Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.*
- C3. *Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.*
- C4. *Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.*

Rådmannen vert og beden om:

- D1. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
- D2. *At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.*

Handlingsplanen var klar før fristen, og vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.08.2021 (PS 32/21). Her vart det fatta slik vedtak:

- 1. *Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.*
- 2. *Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet for sumaren 2022. Statusrapporten bes levert sekretariatet seinast 3 veker før møtedato.*

6.5 Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming.

Kontrollutvalet tok 24.09.19 initiativ til **Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming** i sak PS 45/19.

Rapport etter forvaltningsrevisjonen vart handsama av kontrollutvalet 11.03.20 (sak PS 4/20), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 14.05.2020 (sak PS 21/20), fatta kommunestyret slik vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.
4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.
5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanen, og vidare oppfølging av denne, vart handsama av kontrollutvalet i

- møte 08.09.20 (sak PS 23/20)
- møte 04.03.21 (sak PS 05/21)
- møte 31.08.21 (sak PS 31/21)
- møte 02.12.21 (sak PS 39/21)

I sistnemnte møte vart det gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 etter forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til møte i utvalet 08.09.2022.
2. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innnan 15.08.2022.

Kontrollutvalet har tradisjon for å tenka slik at ein revisjon ikkje er ferdig før også oppfølginga i etterkant av revisjonen er gjort. Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet vidare, i årsmelding for 2022.

7 Eigarskapskontroll.

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i kommunelova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

7.1 Plan for eigarskapskontroll.

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Plan for eigarskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 24.09.2020. (PS 54/20)

7.2 Prosjekt innan eigarskapskontroll.

Det vart ikkje gjennomført prosjekt innan eigarskapskontroll i 2021.

8 Rekneskapsrevisjon.

Revisjon av årsrekneskaper er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

Kontrollutvalget skal påse at

a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

c) Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

8.1 **Rekneskap for Stord hamnestell for 2020:**

Rådmann og økonomisjef, samt einingsleiar og nestleiar med Stord hamnestell som ansvarsfelt, var tilstades, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 19.05.21 (PS 20/21).

Rekneskapen for 2020 synte driftsinntekter på kr. 9.652.000 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 617.000

Under handsaming i møtet kom det fram at resultatet varierer ein del frå år til år, og er ikkje så bra dette året. Revisjonen fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding.

Følgjande uttale vart fatta:

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2020 har driftsinntekter på kr. 9 652 000 og eit netto driftsresultat er på - kr. 617 000. Det gjev eit driftsresultat på – 6,39 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt under tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2020, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet.

8.2 **Årsrekneskap for Stord kommune for 2020.**

Kontrollutvalet handsama i møte 19.05.2021, (PS 21/21) årsrekneskapen for 2020 i Stord kommune. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna gjeve slik uttale til rekneskapen:

I uttalen gjorde kontrollutvalet merksam på følgjande tilhøve, overfor kommunestyret:

- **Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:**
 - o Netto driftsresultat er på 4,01 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er 1,75% og snittet i kommunar i Norge utanom Oslo er i 2020 på 2,5%
 - o Gjeldsgraden er berekna til 133,69 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
 - o Gjeldsbelastninga er berekna til 7,76% av driftsinntektene. Stord kommune har ikkje satt eige måltal her, men statsforvaltaren i Nordland meiner dette bør vera på minst 5%
 - o Disposisjonsfondet er berekna til 5,66% av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%. Stord kommune har ikkje satt eige måltal her.

Stord kommune har eit positivt driftsresultat, som er monaleg høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i Norge. Disposisjonsfondet er positivt i 2020 mens lånegjelda er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Gjeldsgraden har auka frå 2019 til 2020 og er no på 7,76%.

Kontrollutvalet hadde bl.a. dette med i oppsummering i sin uttale:

- Kontrollutvalet er uroa for at Stord kommune si lånegjeld har vore høg fleire år på rad og ligg langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2020 på 133,69 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2017 var på 109,92 %, 2018 på 123,07 % og 2019 på 126,8%.
- Det vert tilrådd at Stord kommune prioriterer å sette fokus på tilrådingane i nummerert brev nr. 5 frå KPMG etter resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga
- Dei fleste ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- f er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte, men omtale på desse to punkta er lite tilgjengeleg
 - o § 14-7 a) om økonomisk utvikling og økonomisk handleevne

- o § 14-7 b) om vesentlege budsjettavvik
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 25-2 er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT, og var representert på deira årlege fagkonferanse med årsmøte (digital) og på kontrollutvalsleiarskulen.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid, samt aktuelle vegleiarar, er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

10 Opplæring og informasjon

Som del av revisjonsavtalen sin fastpris, skal revisor tilby lokale kurs etter bestilling frå kontrollutvalet. KPMG hadde eit kurs om kommuneøkonomi og eit om habilitet i 2021.

Kontrollutvalet var representert på NKRF sin årlege kontrollutvalskonferanse (digital). Sjå og pkt. 9 om deltaking på arrangement som FKT hadde. Dei som har delteke på kurs og konferansar har vore flink til å orientera dei andre utvalsmedlemmane i etterkant.

På kommunestyret sitt møte 30.09.21 (OS 12/21) hadde kontrollutvalsleiar Fredrik Litleskare og sekretær Hogne Haktorson informasjon om kontrollutvalet sin rolle og ansvar.

11 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein god måte for kontrollutvalet sine saker. Her har ein drege nytte av ei redigering av innhaldet på heimesida i 2020, samt oppdateringar i 2021.

12 Internkontroll og tilsyn.

Kommuneadministrasjonen skal årleg rapportera om internkontroll og eksterne tilsyn, jmf. ny kommunelov.

Rapportering vart lagt fram for kontrollutvalet 19.04.21 (PS 16/21). Sekretariatet gav uttrykk for at kommunen hadde gjeve ei grundig tilbakemelding om internkontroll i Stord kommune og om eksterne tilsyn. Utvalet tok informasjon om internkontroll til orientering, og bad elles om nærare informasjon om oppfølging av 4 tilsyn.

Ny informasjon vart lagt fram i møte 19.05.21 (PS 23/21). Kontrollutvalet var nøgd og tok informasjonen til orientering.

13 Henvendingar.

Kontrollutvalet mottek tid om anna henvendingar frå ulikt hald. Det kan t.d. vera frå innbyggjarar, tilsette, tidlegare tilsette, brukarar av tenestene eller politiske parti.

Utvalet drøftar henvendingar, men er ikkje pliktig å starta ein revisjon på bakgrunn av desse. Informasjon frå rådmannen i møte kan vera eit start. Normalt har utvalet fokus på system og rutinar og går sjeldan inn i einskiltsaker. Samstundes er det slik at ein gjerne gjennom einskiltsaker vert merksam på at det kan førekoma ein systemsvikt. Utvalet er elles avventande dersom henvendinga gjeld sak som er til klagehandsaming i anna organ, om saka

er oppe i rettssystemet eller dersom henvendinga ber preg av å vera ein omkamp. Disponibel økonomi for utvalet og prioriteringar gjennom planverk, spelar og ein rolle for om utvalet går nærare inn i aktuelle saksfelt.

Sekretariatet har utarbeidd ein mal for korleis utvalet kan gå fram ved henvendingar. Ettersom grad av henvendingar til kontrollutvalet har auka i heile landet dei siste åra, så har FKT (sjå pkt. 9) starta arbeid med ein vegleiar om henvendingar, som truleg vert klar i 2022.

Her er døme frå kontrollutvalsarbeidet i Stord kommune, politisk sak (PS) eller referatsak (RS) som starta med henvendingar til utvalet:

- Støyproblematikk, samt grad av informasjon frå kommunen, relatert til Sameige Leirvik Brygge og Eldøyane industriområde.
- Sak frå Stord FrP. Kontrollutvalet retta kritikk relatert til desse forholda:
 - o innløyising av eigedom i Podlen som ikkje var ferdig før arbeidet starta
 - o å nytta hasteparagraf for riving av dam i 2021 for forhold som var påpeikt i 2018/2019 av NVE
 - o at det ikkje var søkt om utsleppsløyve før utslepp av kloakk i Sagvåg var påbegynt
 - o manglande svar på spørsmål frå folkevalde
- Referatsak med granskingsrapport for utslepp frå naudoverløpet frå Lyngneset avløpspumpestasjon i Stord kommune.

14 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2021 (Ikkje uttømmande)

- Budsjettbrev 2021 frå Statsforvaltaren i Vestland til Stord kommune
- Rekneskapsrapport for kontrollarbeidet i 2021
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2021
- Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2022
- Årsmelding 2020 for kontrollutvalet
- Vurdering av revisjonsordninga.
- Konkurransen om revisjonstenester – evaluering og innstilling
- Revisjonsplan, interimrevisjonsrapport og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga.
- Årsmelding 2020-2021 frå mobbeombodet i Vestland.
- Henvendingar

Stord, 26.04.2022

Fredrik Litleskare
Kontrollutvalsleiar Stord kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen
e-post: hogne.haktorson@vlfk.no | Mob. 911 05 982
e-post: roald.breistein@vlfk.no | Mob. 975 05 152
e-post: kjartan.haugnes@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2022/36-2
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	13/22	26.04.2022

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19 og sak PS 47/21 av 02.12.2021 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Gunnhild Kristin Borlaug
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2021 / 2022
Kommunestyret	31.03
Formannskapet	07.03 16.03
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	09.03 (20.04)
Utval for oppvekst og kultur	08.03 (19.04)
Utval for plan og utvikling	10.03 (21.04)

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/28-2
Saksbehandlar Hogne Haktorson
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	14/22	26.04.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 04.03.2022 13:56:11
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Tittel: FKT - Medlemsinfo mars 2022

Til alle våre medlemmer - ansatte i kontrollutvalg og sekretariat

Her er nytt fra FKT:

Fagkonferansen 8.-9. juni [Lily Country Club](#)

Invitasjon ble sendt ut i første gang i januar med påminning i februar. Nå er programmet (nesten) helt klart. Det kan lastes ned fra hjemmesiden, se også vedlagte PDF-fil. Påmelding fra hjemmesiden:

<https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/fagkonferansen-8-9-juni-2022/>

Vi håper på stor oppslutning fra våre medlemmer!

Årsmøtet 8. juni

Årsmøtet blir avholdt 8. juni i forbindelse med fagkonferansen, se over. Alle daglige ledere i sekretariat og kontrollutvalgsledere vi få en særskilt innkalling til årsmøtet i neste uke. Mer informasjon om årsmøtet finner du her:

<https://www.fkt.no/om-fkt/arsmote-2022/>

Sekretariatskonferansen 22.-23 mars [Scandic Lillestrøm](#)

Det er fortsatt noen plasser igjen for etterbølerne. Påmelding fra

hjemmesiden: <https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/sekretariatskonferansen-16-17-mars-2022/>

Til nå er det i underkant av 40 påmeldte. Programmet i PDF- format kan lastes ned fra hjemmesiden.

Veiledere

Metodeveileder - risikovurdering og risikohåndtering i kontrollutvalgssekretariat, er resultatet etter et veiledersamarbeid mellom FKT og NKRF. Høringsprosessen pågår, og høringsfristen er satt til 2. mai. Vi har også sendt ut en felles invitasjon til digitalt høringsmøte på Teams 7. april

FKT er også i ferd med å ferdigstille en veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget. Den vil bli sendt på høring til kontrollutvalg og sekretariat i slutten av mars. veilederen vil også bli presentert på sekretariatskonferansen og fagkonferansen.

Litt faglig påfyll

[Rapport viser at kontrollutvalgene har fått mer å gjøre](#)

Mens kontrollutvalgene i snitt behandlet rundt 20 saker i 2003, er dette tallet nå oppe i 38 viser tall fra Kommunal- og distriktsdepartementets organisasjonsdatabase.

[Åpenhetsindeks for kommuner](#)

Transparency International Norge har kartlagt kommunenes praksis med å publisere informasjon på hjemmesidene. Tor Dølvik fra TI-Norge vil presentere funnene på sekretariatskonferansen

[Er det lov til å delta på to møter \(fjernmøter\) i folkevalgte organer samtidig?](#)

I en tolkningsuttalelse skriver Kommunal- og distriktsdepartementet at dersom en folkevalgt har møteplikt i både fylkeskommunale og kommunale organer, må man søke om fritak fra ett av møtene. Dette gjelder også ved fjernmøter.

Styret

Styret hadde møte 1. februar. Du finner protokollen vedlagt og på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styrets møtekalender for våren 2022 ser slik ut: 21. mars, 26. april og 7. juni

Elektroniske nyhetsbrev fra FKT

Personvernreglene krever at vi innhenter samtykke for å lagre lister med e-postadresser med det formålet å sende ut elektroniske nyhetsbrev. Hvis du ikke allerede har gitt samtykke, og hvis du ønsker å motta elektroniske nyhetsbrev fra oss, kan du registrere deg her:

<https://app.easyquest.com/q/stoHaR>

Nye medlemmer

Vi ønsker velkommen et nytt sekretariat: Åsjord Økonomi og Rettshjelp AS

Nyt våren etter hvert!

Jeg håper vi sees på konferansene.



Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no



Forum for
kontroll og tilsyn

FAGKONFERANSE / ÅRSMØTE

Velkommen!

8. – 9. juni 2022, Lily Country Club

GARDERMOEN

8. — 9. JUNI

Onsdag 08. juni

- 09:00 Registrering med mat
- 10:00 Velkommen til fagkonferansen
Tage Pettersen, styreleder / FKT
- 10:05 Åpningsinnlegg om lovlighetskontroll (ikke avklart)
Peter Frølich (H), leder Kontroll- og konstitusjonskomiteen / Stortinget
- 10:45 Kontrollutvalgets involvering i arbeidet med risiko- og vesentlighetsvurderinger (ROV) og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
Frode Løvlie, manager / Deloitte
- 11:30 Pause
- 11:45 Kontrollutvalgets involvering i bestilling av forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen
Kjartan Haugsnes og Roald Breistein, seniorrådgjevarar / Vestland fk. sekretariatet for kontrollutvalet
- 12:30 Kort pause
- 12:35 Paneldebatt: Hvorfor er det viktig at kontrollutvalget er en god bestiller?
- 13:00 Lunsj
- 14:00 Habilitet og dobbeltroller
Erik Magnus Boe, professor emeritus / UiO
- 14:45 Pause
- 15:00 Forts. Habilitet og rolleklarhet - Krav til forsvarlig systeminnretning i forvaltningen (til 15.45)

Onsdag 08. juni / Årsmøte

- 16:00 Registrering til årsmøte 2022
- 16:15 Årsmøte 2022
- 17.15 Fri tid (se omtalen bak av hva hotellet har å by på)
- 19:45 Aperitiff
- 20:00 Felles middag på hotellet

Torsdag 09. juni

- 09:00 Ny veileder - håndtering av henvendelser til kontrollutvalget
Solveig Kvamme, rådgivar / Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
- 09:45 Pause
- 10:00 Krav til varslingsystem i kommunen
Berit Weum Brenne, seniorinspektør / Arbeidstilsynet
- 11:00 Lunsj
- 12:00 Varslingssystemet i Fredrikstad kommune
Rita Holberg, kontrollutvalgsleder / Fredrikstad kommune
- 12:20 Kort pause
- 12:30 Ny veileder - Hva er internkontroll etter kommuneloven?
Siri Halvorsen, avdelingsdirektør / Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- 13:15 Pause
- 13:30 Økonomisk internkontroll i praksis. Funn og erfaringer fra revisors arbeid
Fornavn Etternavn, tittel / KomRev NORD
- 14:20 Skråblikket
Ole Martin Ihle / Sammen med Harald Eia står Ole Martin Ihle bak TV-program som Hjernevask, Brille og Sånn er Norge
- 14:50 Avslutning
Tage Pettersen, styreleder / FKT

Påmelding

FRIST: 19.APRIL 2022

Bindende påmelding* på www.fkt.no innen tirsdag 19. april 2022.
Det tas forbehold om endringer i programmet.

Deltakeravgift

Deltakelse m/ overnatting** (helpensjon):

Kr 6 900 (*Ikke medlem kr 7 300*)

Ekstra overnatting fra 7. – 8. juni: Kr 1 090

*Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr 500 i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.

**FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

Praktisk informasjon

ÅRSMØTET

Årsmøtet er åpent for alle, men det er kun medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) som har tale-, forslags- og stemmerett.

Innmelding av saker

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet senest seks uker før årsmøtet, innen 27. april 2022.

Utsending av sakspapir

Styret sender ut sakspapirene senest to uker før årsmøtet, innen 25. mai 2022.

Medlemskap

Dersom din kommune/ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 25. mai 2022.

Kontakt

Leder i valgkomiteen:

Arild Røen, leder kontrollutvalget
Samnanger kommune |
arild.roen@dnb.no | 917 80 106

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Besøk www.fkt.no eller kontakt sekretariatet v/generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen på telefon +47 414 71 166 eller fkt@fkt.no.

FØR MIDDAG

Hotellet kan by på spa med basseng, varm og kald kulp, badstue, tyrkisk dampbad og stilleområder.

Treningsrom

Muligheter for å gå tur i landlige omgivelser.

Hotellets nærmeste nabo er Miklagard Golfklubb.

FREMKOMST

[Lily Country Club](#),
Væringvegen 44, 2040 Kløfta

Hotellet ligger like ved Shell stasjonene i Kløfta krysset ved siden av Miklagard golfklubb.

Fra Oslo lufthavn, Gardermoen:
Ca. 20 minutter med shuttle buss via Kløfta stasjon. Pris per vei kr.100.

Se [Avgangstider](#)

PARKERING

180 parkeringsplasser. Pris pr døgn er max 130 kroner for sammenhengende parkering og 38 NOK per påbegynt time. 10 stk el-ladestasjoner, samt 10 HC-plasser. Ladning mot avgift.

4. mars 2022

Til alle våre medlemmer - ansatte i kontrollutvalg og sekretariat

Her er nytt fra FKT:

Fagkonferansen 8.- 9. juni [Lily Country Club](#)

Invitasjon ble sendt ut i første gang i januar med påminning i februar. Nå er programmet (nesten) helt klart. Det kan lastes ned fra hjemmesiden, se også vedlagte PDF-fil. Påmelding fra hjemmesiden:

<https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/fagkonferansen-8-9-juni-2022/>

Vi håper på stor oppslutning fra våre medlemmer!

Årsmøtet 8. juni

Årsmøtet blir avholdt 8. juni i forbindelse med fagkonferansen, se over. Alle daglige ledere i sekretariat og kontrollutvalgsledere vi få en særskilt innkalling til årsmøtet i neste uke. Mer informasjon om årsmøtet finner du her:

<https://www.fkt.no/om-fkt/arsmote-2022/>

Sekretariatskonferansen 22.- 23. mars [Scandic Lillestrøm](#)

Det er fortsatt noen plasser igjen for etternølerne. Påmelding fra hjemmesiden:

<https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/sekretariatskonferansen-16-17-mars-2022/>

Til nå er det i underkant av 40 påmeldte. Programmet i PDF- format kan lastes ned fra hjemmesiden.

Veiledere

Metodeveileder - risikovurdering og risikohåndtering i kontrollutvalgssekretariat, er resultatet etter et veiledersamarbeid mellom FKT og NKRF. Høringsprosessen pågår, og høringsfristen er satt til 2. mai. Vi har også sendt ut en felles invitasjon til digitalt høringsmøte på Teams 7. april.

FKT er også i ferd med å ferdigstille en veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget. Den vil bli sendt på høring til kontrollutvalg og sekretariat i slutten av mars. Veilederen vil også bli presentert på sekretariatskonferansen og fagkonferansen.

Litt faglig påfyll

[Rapport viser at kontrollutvalgene har fått mer å gjøre](#)

Mens kontrollutvalgene i snitt behandlet rundt 20 saker i 2003, er dette tallet nå oppe i 38 viser tall fra Kommunal- og distriktsdepartementets organisasjonsdatabase.

[Åpenhetsindeks for kommuner](#)

Transparency International Norge har kartlagt kommunenes praksis med å publisere informasjon på hjemmesidene. Tor Dølvik fra TI-Norge vil presentere funnene på sekretariatskonferansen.

[Er det lov til å delta på to møter \(fjernmøter\) i folkevalgte organer samtidig?](#)

I en tolkningsuttalelse skriver Kommunal- og distriktsdepartementet at dersom en folkevalgt har møteplikt i både fylkeskommunale og kommunale organer, må man søke om fritak fra ett av møtene. Dette gjelder også ved fjernmøter.

Styret

Styret hadde møte 1. februar. Du finner protokollen vedlagt og på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styrets møtekalender for våren 2022 ser slik ut: 21. mars, 26. april og 7. juni.

Elektroniske nyhetsbrev fra FKT

Personvernreglene krever at vi innhenter samtykke for å lagre lister med e-postadresser med det formålet å sende ut elektroniske nyhetsbrev. Hvis du ikke allerede har gitt samtykke, og hvis du ønsker å motta elektroniske nyhetsbrev fra oss, kan du registrere deg her:

<https://app.easyquest.com/q/stoHaR>

Nye medlemmer

Vi ønsker velkommen et nytt sekretariat; Åsjord Økonomi og Rettshjelp AS.

Nyt våren etter hvert!

Jeg håper vi sees på konferansene.



Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	1. februar 2022 kl. 13.00-15.30
Sted:	Teams
Deltakere fra styret:	Tage Pettersen, Einar Ulla, Rita Holberg, Tom Øyvind Heitmann , Liv Tronstad og vara Terje Engvik
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen
Forfall:	Bård Hoksrud
Møteleder:	Tage Pettersen

Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 1/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 2/22	Godkjenning av protokoll fra møtet 13. desember 2021
SS 3/22	Årsregnskapet 2021
SS 4/22	Oppfølging av handlingsplanen
SS 5/22	Evaluering av webinar 10.-11. januar
SS 6/22	Gjennomføring av sekretariatskonferansen
SS 7/22	Fagkonferansen 2022 - program
SS 8/22	Høringsutkast veileder – Internkontroll i sekretariatet - risikovurdering og risikohåndtering
SS 9/22	Rapportutkast veileder - Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget
SS 10/22	Profilhåndbok for FKT
SS 11/22	Referatsaker:
RS 1/22	Status for saker i KMD
RS 2/22	Debattinnlegg i Kommunal Rapport
SS 12/22	Eventuelt

SS 1/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten.

Vedtak:

Innkalling og saksliste godkjennes.

SS 2/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 13. DESEMBER 2021

Behandling i møte:

Feil årstall (2021) rettes til 2022 i sak 68 og 69. Det var ellers ingen merknader til protokollen fra styremøtet 13. desember 2021.

Vedtak:

Protokoll fra møtet 13. desember 2021 godkjennes.

SS 3/22 ÅRSREGNSKAPET 2021

Behandling i møtet:

Styret gjennomgikk årsregnskapet for 2021.

Vedtak:

Regnskapet for 2021 oversendes revisor til behandling.

SS 4/22 – OPPFØLGING AV HANDLINGSPLANEN 2021-2022

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte om saken og oppfordret styret til å komme med innspill til Handlingsplan for 2022-2023.

Vedtak:

Styret tar informasjon om oppfølging av handlingsplanen til orientering.

SS 5/22 – EVALUERING AV WEBINAR – KONTROLLUTVALGETS UTTALELSE TIL ÅRSREGNSKAPET OG ÅRSBERETNINGEN

Behandling i møte:

Styret gjennomgikk evalueringsrapporten og var enige om å ta flere av punktene med i videre planlegging av kurs.

Vedtak:

Styret tar informasjon om evaluering av kontrollutvalgslederskolen til orientering.

SS 6/22 SEKRETARIATSKONFERANSEN 2022

Behandling i møte:

Styret diskuterte smittesituasjonen og evt. endringer i opplegget for sekretariatskonferansen. Styret var enige om å vurdere løpende evt. behov for strømming av konferansen, sett i lys av evt. smittetiltak og økonomi.

Vedtak:

Sekretariatskonferansen gjennomføres fysisk som planlagt.

SS 7/22 FAGKONFERANSEN 2022 - STATUSRAPPORT

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte om status for programmet. Styret var enige om å vurdere løpende evt. behov for strømming av konferansen, sett i lys av evt. smittetiltak og økonomi.

Vedtak:

1. Styret tar status for planlegging av fagkonferansen 2022 til orientering.
2. Fagkonferansen gjennomføres fysisk som planlagt.

SS 8/22 HØRINGSUTKAST – VEILEDER, INTERNKONTROLL I SEKRETARIATET – RISIKOVURDERING OG RISIKOHÅNDTERING

Behandling i møte:

Generalsekretæren informerte om arbeidet med veilederen så langt og styret diskuterte høringsutkastet. Styret ga tilbakemeldinger som generalsekretæren vil ta opp med arbeidsgruppen før veilederen sendes til høring.

Vedtak:

1. Styret tar høringsutkastet *Veileder, Interkontroll i sekretariatet – risikovurdering og risikohåndtering*, til orientering.
2. Styret tar høringsutkastet *Mal, Strategisk kompetanseplan for nnsekretariat*, til orientering.
3. Styret tar også til orientering at arbeidsgruppen har oppdatert og justert «Internkontrollhåndboka» og at den nye versjonen blir et fellesdokument for FKT og NKRF.
4. «Veileder, Interkontroll i sekretariatet – risikovurdering og risikohåndtering» og «Mal, Strategisk kompetanseplan for nnsekretariat», sendes til høring.

SS 9/22 RAPPORTUTKAST – VEILEDER FOR HÅNDTERING AV HENVENDELSER TIL KONTROLLUTVALGET

Behandling i møte:

Generalsekretæren informerte om arbeidet med veilederen så langt og styret diskuterte rapportutkastet og ga innspill til justeringer.

Vedtak:

Styret tar rapportutkastet til orientering og ber om at arbeidsgruppen vurderer styrets innspill.

SS 10/22 PROFILHÅNDBOK FOR FKT

Behandling i møte:

Styret gjennomgikk profilhåndboken.

Vedtak:

Styret godkjenner profilhåndbok for FKT.

SS 11/22 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering.

RS 1/22 Status for saker i KMD
RS 2/22 Debattinnlegg i Kommunal Rapport

SS 12/22 EVENTUELT

Ingen saker

1. februar 2022

Tage Pettersen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær

Fra: post@stord.kommune.no[post@stord.kommune.no]
Sendt: 06.04.2022 10:02:08
Til: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Tittel: Brev fra Stord kommune

Vår ref 2022/3301

Vennlig hilsen

Mariann Jacobsen Hilt | Kommunalsjef

e-post: Mariann.Jacobsen.Hilt@stord.kommune.no

Hogne Haktorson

Vår dato: 01.04.2022
Vår ref: 2022/3301 - 11621/2022 / 601
Dykkar ref:

Stord KUV RS 5/22 KOFA sak 2021_1664 Klagenemnda si avgjerd

Syner til brev frå sekretariat for kontrollutvalet v/ kontrollsjef Hogne Haktorson. Kontrollutvalet ønskjer eit skriftleg svar frå administrasjonen om kva som skjedde etter KOFA si avgjerd i klagesak om anskaffing av nytt skuleadministrativt system:

Kontrollutvalet ønskjer eit skriftleg svar frå administrasjonen om kva som skjedde etter KOFA sin beslutning, bl.a. ut frå pkt. 38 i klagenemnda si avgjerd.

I digitaliseringsstrategien til kommunen er det prioritert å få på plass eit heilskapleg, effektivt og moderne skuleadministrativt system slik at ein mellom anna kan digitalisera og forenkla prosessar knytt til leiarar, lærarar og elevar sin skulekvardag. Eit slik system skal bidra til eit betre samarbeid mellom skule og heime, og handtera oppgåver som timeplanlegging, vikarar, timelister handsaming av elevsaker, registrering av fråvær med meir.

Me har hatt fleire konkurransar for å få på plass eit skuleadministrativt system. Første gong våren 2020. Den gongen vart konkurransen avlyst etter at kommunestyret vedtok å ikkje innvilga midlar til dette i budsjett for 2021. I 2021 sendte me ut ny konkurranse og etter at prosessen var gjennomført og oppdragsgjevar hadde sendt ut melding til alle tilbydarane om kven som var vinnar av konkurransen, klaga den eine av tilbydarane vedtaket inn for KOFA. KOFA gav som kjent klagar medhald, og meinte at kommunen kunne retta opp feilen ved å vurdere alle tilboda på ny.

Administrasjonen valde etter KOFA si avgjerd å be Innkjøpskontoret AS om råd i saka. Dei gjekk gjennom konkurransegrunnlaget og dei ulike tilboda. I samråd med Innkjøpskontoret AS såg ein at konkurransegrunnlaget ikkje dekkja dei behova kommunen har for eit heilskapleg skuleadministrativt system. Dette særleg fordi ein der la til grunn ein tidsavgrensa avtale. Ein tidsavgrensa avtale på eit så stort og omfattande system ville vera ugunstig for kommunen og me såg det som viktig å få på plass ein tidsavgrensa avtale. Ei slik endring vert rekna som ei vesentleg endring av eit konkurransegrunnlag og kan ikkje gjerast undervegs i ein konkurranse, me valde difor å avlyse konkurransen.

Fylgjande melding vart sendt ut til alle tilbydarane:

Oppdragsgivar vil med dette meddela at konkurransen vert avlyst grunna endra behov. Med hensyn til løysninga sin eigenart har kommunen behov for ein lengre avtalevarigheit i samsvar med intensjonen i SSA-L der avtalelengda er tidsbegrensa (SSA-L pkt 5.1). Løyve om offentlege innkjøp §1 oppset at offentlege innkjøp skal skje på ein samfunnstenleg måte gjennom effektiv bruk av ressursane i samfunnet, og det vil derfor vera formålstunleg med ein lengre avtaleperiode, både for oppdragsgivar og leverandør.

Å endre avtalen sin varigheit vil medføra vesentleg endring av konkurransegrunnlaget. Ei slik endring vil også tilsei at prosedyren må endrast til forskrifta del II basert på mottekne tilbod.

Oppdragsgivar vurderer derfor at det føreligg sakleg grunn for å avlyse konkurransen og gjennomføra ny konkurranse. Dei som har gitt tilbod i opprinneleg konkurransen vil bli invitert til å gi tilbod i den nye konkurransen. Oppdragsgivar takkar for utvist interesse

Ingen av tilbydarane hadde merknad til dette.

Kommunen har avgrensa innkjøpskompetanse (20% stilling), og me engasjere Innkjøpskontoret AS for å hjelpe med å gjennomføre ny konkurranse.

Ny konkurranse vart lyst ut januar 2022 og kommunen har på ny kåra ein vinnar og orientert tilbydarane. Dette har medført ny klage til KOFA, samt begjæring om midlertidig forføyning datert 18. mars 2022. Kjennelse frå Haugaland og Sunnhordaland tingrett i begjæring om midlertidig forføyning avsagt 21. mars 2022, samt krav frå oss om etterfølgjende munnlege forhandling. Rettsmøte for munnlege forhandlingar er satt til 20.4.22. KOFA har meldt frå at dei vil avventer vidare handsaming av klagen til dei munnlege forhandlingane er gjennomført og samstundes bed om at dei vert orientert om resultat av forhandlingane så snart det føreligg.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Helsetilsynet / Tilsyn / Tilsynsrapporter / Vestland / 2021

TILSYNSRAPPORT

Rapport frå tilsyn med undersøkingar i Sunnhordland Interkommunale Barnevern 2021

Tidsrom for tilsynsbesøket:

19.10.2021–21.10.2021

Statsforvaltaren i Vestland

25.03.2022

Oppfølging av tilsynet

I dette tilsynet blei det ikkje avdekt lovbrøt. Tilsynet er derfor avslutta.

Innholdsfortegnelse

1. Tilsynets tema og omfang
2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet
3. Framstilling av faktagrunnlaget
4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag
5. Statsforvaltarens konklusjon

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med barnevernstenesta i Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB) frå 19.10 - 21.10. 2021. Vi undersøkte om kommunen sørgjer for at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at barn og familiar får trygge og gode tenester.

Tilsynet er gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Utkast til rapport blei sendt 2.11.21, og tilbakemelding er innarbeida i rapporten. Tilsynet blir avslutta med rapporten. Vi takker for godt samarbeid gjennom tilsynet.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Kommunen sikrar gjennom si styring og leiing at Sunnhordland Interkommunale Barnevern sitt arbeid med undersøkingar er forsvarleg. Det gjeld både planlegging, framdrift, dokumentasjon, vurderingar og konklusjon. Barn får medverke i tråd med lovkrav.

Dette er i samsvar med barnevernslova §§ 1-4, 2-1, 4-1, 4-3, 6-1 og 6-9, samt forvaltningslova § 17.

1. Tilsynets tema og omfang

Statsforvaltaren har undersøkt og vurdert om kommunen sikrar at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar er forsvarleg. Dette inneberer ei undersøking og vurdering av om Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste har

- planlagt undersøkinga i samsvar med innhaldet i meldinga og eventuelt tidlegare undersøkingar eller kontakt med familien
- sørgja for at innhaldet i undersøkinga, omfanget og framdrifta er i samsvar med alvoret i situasjonen for barnet
- gjort relevante barnevernfaglege og juridiske vurderingar både undervegs og til slutt i undersøking
- konkludert undersøkinga i samsvar med bekymringa og dei vurderingane som er gjort
- har gjort nødvendige vurderingar og tiltak for arbeidet med undersøkingane som følgje av koronasituasjonen 2020-2021

Tilsynet har omfatta undersøkingar av situasjonen til barn som budde heime da barnevernstenesta fekk bekymringsmeldinga, og der bekymringa hadde eit alvorleg innhald. Det vil seie barn under 18 år som bur i biologisk familie, adoptivfamilie eller hos andre utan barneverntenesta si medverknad.

Statsforvaltaren sitt tilsyn er gjennomført som systemrevisjon. Det inneber at statsforvaltaren har ført tilsyn med kommunen si styring og leiing av arbeidet med om barneverntenesta oppfyller dei aktuelle lovkrava.

Barn og foreldre sine meiningar om og erfaringar med barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar, er viktig informasjon for tilsynsmyndigheita, både når det gjeld kvaliteten på tenestene og kommunen sin praksis når det gjeld brukarmedverknad. Eit utval foreldre og barn har derfor blitt intervjuet ved dette tilsynet.

2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet

Statsforvaltaren er gitt mynde til å føre tilsyn med kommunal barnevernsteneste, etter barnevernlova § 2-3 b. Eit tilsyn er kontroll av om verksemda sin praksis er i samsvar med gjeldande reglar i lov- og forskrift. Vi gir derfor her ei oversikt over krava som vart lagt til grunn i tilsynet.

Barneverntenesta har ein rett og plikt til å foreta undersøking når den vurderer at det er «rimelig grunn til å anta» at det ligg føre forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter barnevernlova kapittel 4.

Føremålet med undersøkinga er å vurdere og konkludere om barnet lever i ein omsorgssituasjon som kan gi grunnlag for barneverntiltak. Krava til undersøkinga følger av reglane i barnevernlova (bvl) og forvaltningslova (fvl).

Forsvarlege tenester

Alle tenester og tiltak etter barnevernslova skal vere forsvarlege etter barnevernslova (bvl) § 1-4.

Barnevernslova sin regel om forsvarlege tenester har eit heilskapleg utgangspunkt.

Både

reglane i barnevernlova og forvaltningslova om saksbehandling gir innhald til kravet om forsvarleg gjennomføring av undersøking.

Kravet om forsvarleg arbeid er retta mot både tenester og tiltak, og inneber også krav til leiing, organisering og styring. Det er en nær samanheng mellom dette kravet og kravet om internkontroll, jf. kommunelova § 25-1.

Barnet sitt beste

Prinsippet om barnet sitt beste går fram både av barnekonvensjonen artikkel 3 og Grunnlova § 104. Barnet sitt beste skal vere grunnleggande omsyn ved alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. I barnevernlova er prinsippet nedfelt i § 4-1, der det går fram at det skal leggest avgjerande vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet.

Regelen slår også fast at det i denne vurderinga skal leggest vekt på å gje barnet stabil

og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorga. Prinsippet er ein sjølvstendig rettingheit for kvart barn, men skal også leggast vekt på i tolkinga av andre reglar og vere ei retningslinje for saksbehandlinga i alle saker som gjeld barn.

Barnets rett til medverknad

Barnets rett til å bli høyrte går fram av bvl § 1-6. Regelen gir barnet ein sjølvstendig rett til å medverke.

Retten gjeld alle forhold som gjeld barnet, ikkje berre når det skal takast rettslege eller administrative avgjerder. Retten til medverknad inneber at dei som tek avgjerder har ei plikt til å gi barnet ein moglegheit til å medverke. Dette gjeld også i ein undersøking.

Prinsippet om barnets beste heng saman med barnets rett til medverknad. Føremålet med medverknad er å opplyse saka i samsvar med lova, under dette å få fram barnets meining om eigen situasjon for å bidra til at dei avgjerder barnevernet tar i ein undersøking er til barnets beste. Det å kjenne til barnets meining, er ein føresetnad for å sikre barnets beste.

Samarbeid med foreldra

Etter bvl. § 1-7 skal barnevernet utføre arbeidet sitt med respekt for og så langt som mogleg i samarbeid med barnet og barnet sine foreldre. Foreldra har sjølvstendige rettar i undersøkingssaker som gjeld dei. Foreldre som er part i saka, har rett til å uttale seg etter fvl. § 17. Barnevernet skal i utgangspunktet legge fram alle opplysingane som dei får i undersøkinga slik at foreldra kan uttale seg. Barneverntenesta bør også gjera foreldra kjent med andre opplysingar som er av vesentleg betydning for saka i samsvar med fvl. § 17.

Når det blir innhenta samtykke, er det viktig at det skjer frivillig og at personen har forstått kva han/ho samtykker til, og konsekvensane av å samtykke. Dette blir kalla informert samtykke.

Samtykke bør, så langt det lar seg gjere vere skriftleg. Det er ikkje krav om skriftleg samtykke i barnevernlova. Det er heller ikkje krav om utforminga av samtykke. Eit samtykke kan bli gitt munnleg, skriftleg eller stillteande. Samtykke kan når som helst bli trekt tilbake heilt eller delvis.

Der ein er samtykkekompetent, og dei er gitt mogelegheit til å medverke og ikkje protesterer, må barnevernstenesta kunne gå ut i frå at foreldra har gitt eit informert samtykke. For å sikre at foreldre faktisk har fått tilstrekkeleg informasjon, og har tenkt over følgene av å samtykke, bør barnevernet vurdere om samtykket skal gjerast skriftleg. Eit skriftleg samtykke kan i større grad bli etterprøvd, og gjer det tydeleg kva det er samtykka til. Eit skriftleg samtykke kan òg føre til at den som samtykker tenker seg grundigare om, og slik auke kvaliteten på samtykket.

Nærare om krav til undersøkinga - innhald, omfang og framgangsmåte

Barneverntenesta må sjå til at faktum er klarlagt så langt det er mogleg før det vert treft vedtak, jf. fvl. § 17. Dette inneber at relevante sider av saka må komme fram. Barneverntenesta må vurdere om opplysningar som kommer inn undervegs i undersøkinga er riktig og om dei krev nye undersøkingar. Undersøkinga skal vere så grundig som saka krev. Den skal likevel ikkje vere meir omfattande enn føremålet tilseier, jf. barnevernlova § 4-3, 2. ledd. Moment som alvor, kompleksitet og hastegrad vil ha noko å seie for kor grundig barneverntenesta skal undersøke.

Foreldra eller den barnet bur hos, kan ikkje motsette seg at ei undersøking blir gjennomført ved besøk i heimen, jf. bvl. § 4-3 tredje ledd, og barneverntenesta kan også engasjere sakkunnige, jf. bvl. § 4-3 fjerde ledd.

Etter bvl. § 6-4 femte ledd skal barneverntenesta hente inn opplysningar i samarbeid med foreldra. Innhenting av teiepliktige opplysningar frå andre forvaltningsorgan og helsepersonell er omfatta av teieplikta. Dette inneber at barneverntenesta må ha gyldig samtykke frå foreldra for å innhente opplysningane, jf. fvl. § 13 a nr. 1 eller ein lovheimel som gir unntak frå teieplikta.

Barneverntenester har heimel til å pålegge mellom anna offentleg mynde å gi teiepliktige opplysningar i dei situasjonane som er skildra i bvl. § 6-4.

I følgje bvl. § 6-9 skal barneverntenesta gjennomføre undersøkingar så raskt saka krev, og seinast innan tre månader, eventuelt seks månader i særlege tilfelle.

Dokumentasjon

Det høyrer til god forvaltningsskikk å sørge for tilstrekkeleg og etterretteleg dokumentasjon for å gjere greie for kva som er gjort i saka og grunngevinga for dette. Dokumentasjonsplikta er også ein følge av krav til styring og av kravet om forsvarlege tenester.

Både avgjerd om å gi hjelpetiltak og leggje bort ei sak etter undersøking er enkeltvedtak etter forvaltningslova, jf. bvl. § 6-1 andre ledd og § 4-3 sjettede ledd. Dette inneber at vedtaket skal grunngjevast i samsvar med reglane i fvl. §§ 24 og 25. I tillegg skal det etter bvl. § 6-3a gå fram av vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt, og kva vekt barnets si meining er tillagt. Korleis barnets beste er vurderte skal også gå fram av vedtaket.

Krav til styring og leiing

Kravet til leiing, organisering og styring er et viktig element i kommunen sitt ansvar for å gje forsvarlege tenester. Krava til internkontroll er regulert i kommunelova jf. bvl. § 2-1 andre ledd. Kommunelova § 25-1 slår fast at kommunen skal ha

internkontroll med barneverntenestene sitt arbeid med undersøkingar. Målet med internkontrollen er å sikre at barnevernslova med tilhøyrande forskrifter sine krav til undersøkingar blir følgt. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen.

I bvl. § 2-1 sjuande ledd går det fram at kommunen skal sørgje for at tilsette som gjennomfører undersøkingar i barneverntenesta har kompetanse til å utføre arbeidet forsvarleg. Kommunen har ansvaret for å gi nødvendig opplæring ved behov.

Kommunen må også kunne gjere greie for korleis den oppfyller krava til internkontroll. Internkontrollplikten inneberer at kommunen skal ha systematiske tiltak som sikrar at barnevernets aktivitetar planleggast, organiserast, utføres og vedlikehaldas i samsvar med de lov- og forskriftskrav som regulerer aktivitetane.

I kommunelova § 25-1 tredje ledd bokstav a til e stilles det krav til innhaldet i internkontrollen. Kommunen skal skaffe seg oversikt over, og følge med på, områder kor det er fare for svikt i tenestene eller at tenestene ikkje følger lov- og forskriftskrava. Kva for styringsaktiviteter som er nødvendige for å få oversikt vil variere avhengig av blant anna organisering og storleik på tenesta.

Det skal settast i verk tiltak slik at manglar i tenestene blir fanga opp. Kommunen skal utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbetre nødvendige prosedyrar, instruksar, rutinar eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge feil og manglar i tenesta. Det er opp til kommunen å vurdere i kva grad det er behov for rutinar for å oppfylle lovkrava. Rutinar som ikkje er skriftlege, men som er klart kjent for tilsette, kan vere tilstrekkeleg.

3. Framstilling av faktagrunnlaget

Organisering

Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB) er felles barnevernteneste for kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Dei tre kommunane har oppretta ei felles fageining for utøving og drift av barnevernstenesta. Samarbeidet er organisert som ei eining i Stord kommune. Stord kommune er vertskommune, Fitjar og Bømlo er samarbeidskommunar. Kommunane Stord (18 759), Bømlo (12 000) og Fitjar (3189) har til saman nær 34 000 innbyggjarar. Stord kommune ved rådmannen har fått delegert all mynde (rettar og plikter) etter barnevernlova frå dei to andre kommunane. Leiargruppa består av rådmann, to kommunalsjefar, plansjef, økonomisjef, og personal- og organisasjonssjef. Kvar eining har definerte oppgåver, og einingsleiaren har vide fullmakter gjennom delegasjonsreglement og leiaravtalen.

Barnevernstenesta er ei av 19 einingar under kommunalsjef. Barnevernstenesta er organisert med einingsleiar, stadfortredar og seks lag/team med kvar sin lagleiar: Lag sped og små, lag barn, lag ungdom, lag omsorg, lag familierettleiing, og lag for

kontorfag/merkantile funksjonar. Lag sped og små, lag barn og lag ungdom jobbar med undersøkingar, medan lag omsorg og familierettleiarane jobbar med tiltak. Lagleiar på sped og små, lagleiar barn og lagleiar ungdom, og mottaksansvarleg tek imot og behandlar meldingar.

Per 01.05.21 har barneverntenesta 29,5 stillingsheimlar, fordelt på 41 tilsette. Herav er 7,5 i leiargruppa og tre merkantile stillingar. Familierettleiarane er prosjektorganisert og finansiert over tiltaksbudsjettet. Laget består av 7,5 stilling inkludert lagleiar (i tillegg til dei 29,5 årsverka)

Tilsyn i fosterheim er og organisert som del av tenesta med to fast tilsette tilsynspersonar og ein merkantil ressurs. Det er om lag 15 fagstillingar knytt til arbeid med melding og undersøkingar. Einingsleiar har personalansvar, økonomisk ansvar, og ansvar for den faglege kvaliteten i arbeidet. Vedtak om tvang, hasteflyttingar og omfattande vedtak knytt til økonomi skal godkjennast av einingsleiar.

Einingsleiar har leiarmøte med lagleiarane minimum annan kvar veke. ofte kvar veke, der faste punkt som personalsituasjonen, gjennomgang av nøkkeltal, økonomi og gjennomgang av meldte avvik. Han har også månadlege individuelle rettleiing med lagleiarane. Frå 2017 tilsette tenesta fagleiar med ansvar for planlegging av kompetanseheving og implementering av ny kunnskap, og er saman med einingsleiar ansvarleg for fagutviklinga i tenesta. Fagleiar/lagleiar for familierettleiarane er også fungerande leiar i einingsleiar sitt fråvær.

Lagleiarane på laga spe og små, barn og ungdom har saman med mottaksansvarleg ansvar for å gjennomføre meldingsmøte to gonger i veka og å ha fortløpande kontakt med mottaksansvarleg om saker må bli vurdert før møtet. Dei skal prioritere undersøkingar etter alvorsgrad dersom det er naudsynt, og skal sjå til at det blir laga undersøkingsplan som er i tråd med meldingsgjennomgangen, og at undersøkinga blir starta opp etter prioritering. Det ligg og til lagleiarane å følgje med på nøkkeltal, og følgje med på at saker blir undersøkt innan frist. Lagleiarane har mynde til å godkjenne undersøkingsrapportar, vedtak om tiltak etter barnevernlova med unntak av vedtak om tvang, og vedtak om å leggje bort undersøkingar utan tiltak. I tillegg skal har lagleiarane ansvar for å gjennomføre felles drøfting i laget kvar veke og individuell rettleiing til kontaktpersonane i sitt lag anna kvar veke. Der blir nøkkeltal for undersøkingsarbeidet i kvar sak gått igjennom. I tillegg blir saker drøfta, vurdert og justert i lagmøte. Dette er saker som lagleiar eller kontaktpersonane ønskjer å få drøfta og vurdert saman med laget. Vurderingane frå lagmøte skal dokumenterast i barnets journal. Ved gjennomgang av saker ser vi at dette blir gjort.

Kontaktpersonane har ansvar for å gjennomføre undersøkingar i samsvar med meldingsvurdering og tenesta sine rutinar. Dei deltek i lagmøte kvar veke, personalmøte, og får saksrettleiing i fellesdrøftingar i lagmøtet og individuell rettleiing av lagleiar. I tillegg får dei tilsette rettleiing av ekstern psykolog.

I 2020 fekk barnevernstenesta 456 meldingar, og våren 2021 fekk barnevernstenesta 247 meldingar. Barnevernstenesta gjennomførte 293 undersøkingar i 2020, der 59% vart lagt vekk utan tiltak, og 127 undersøkingar våren 2021, der 57% av undersøkingane vart lagt vekk utan tiltak. I 9% av undersøkingane våren 2021 blei det brukt meir enn tre månader. Landsgjennomsnitt for meldingar som blir lagt bort er ca. 18-19 % og for undersøkingar som blir lagt bort ca. 60-62 %.

I samband med tilsynet har vi gjennomgått 22 saksmapper om vald, seksuelle overgrep, høg konflikt, og bekymring for foreldra sitt rusbruk og/eller psykiske lidingar.

Kompetanse

Alle i leiargruppa, kontaktpersonar og rettleiarar har bachelorgrad, og mange har ei eller fleire vidareutdanningar. Tenesta har eit tiltaksapparat med familierettleiarar, miljøterapeut og kontaktpersonar som har spesialkompetanse på ulike felt. I Frå 2017 blei det tilsett fagleiar med ansvar for planlegging av kompetanseheving og implementering av ny kunnskap.

Brukarinvolvering

Leiinga gjev uttrykk for at dei ønskjer fleire tilbakemeldingar frå foreldre og barn. Barnevernstenesta har ikkje gjennomført brukarundersøking sidan 2017. Dei tilsette som jobbar med undersøking innhentar erfaring i enkeltsaker, men ikkje systematisk.

Barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar

Førebuing, planlegging og gjennomføring av undersøkinga

Tenesta har skriftleg rutine for mottak og registrering av meldingar, gjennomgang og vurdering av meldingar, og iverksetting av undersøkingar. All kontakt inn til tenesta som omhandlar drøfting av melding skal formidlast til mottaksansvarleg.

Mottaksansvarleg tek imot munnlege meldingar og dokumenterer og registrerer dei i fagprogrammet. Ho er også tilgjengeleg for drøfting om nokon vurderer å melde bekymring og ønskjer å drøfte saka først. Mottaksansvarleg sjekkar dagleg innkomne meldingar. Alle meldingar blir vurdert fortløpande for å sikre at akutte saker blir handtert raskt. Dersom meldinga tilseier at det ikkje kan vente til neste mottaksmøte kallar mottaksansvarleg inn til ekstra mottaksmøte.

Skriftlege meldingar blir registrert i fagprogrammet av merkantil. I saker om vald og overgrep skal barnevernstenesta gjera ei vurdering av barnets tryggleik, om politiet må bli orientert, og korleis familien/barn skal bli kontakta.

Barnevernstenesta skal alltid dokumentera kva vurderingar som ligg til grunn for å opne undersøking, eller legge bort ei bekymringsmelding utan å undersøke. I intervju og mappegjennomgang går det fram at nye meldingar blir gjennomgått og vurdert i

meldingsmøte to gonger i veka. Alvorsgrad og behov for bistand/kompetanse skal bli vurdert ved gjennomgang av bekymringsmeldinga. I møtet blir det sjekka om barnet eller familien er kjent for barnevernstenesta frå før og meldinga blir vurdert opp mot informasjon frå tidlegare. Mottaksansvarleg innhentar ved behov meir informasjon frå meldar, og avklarande informasjon som til dømes kvar barnet bur. Dei vurderer også om meldinga fører til bekymring for søsken. Det blir då registrert melding på kvar av søskena.

I saker der det er bekymring for vald eller seksuelle overgrep, blir det gjort vurdering av risiko. Føremålet er å sikre ei rask vurdering og avklaring for å sikre barnets tryggleik uansett kor barnet bur eller er.

Dersom meldinga blir vurdert til å vera akutt og ein vurderer å setja i verk tvangstiltak, blir einingsleiar kontakta. Dersom tenesta må rykke ut akutt, skal det alltid vere to tilsette saman. I desse sakene skal tenesta gjere ei vurdering av sikkerheit for barn og tilsette, og eventuelt setje i verk tiltak for dette. Til dømes bistand frå politiet.

I meldingsgjennomgangen blir vurderingar av hastegrad og om det er bekymring for at barnet blir utsett for vald dokumentert, og det blir gitt ei bestilling til kontaktpersonen om korleis undersøkinga bør starte opp. Til dømes at kontaktpersonen bør snakke med barnet før foreldra, eller om undersøkinga skal starte med umeld heimebesøk. Ved undersøkingar i familiar med fleire barn i ulike alder, blir det vurdert om det skal vere kontaktpersonar frå ulike lag.

Barnevernstenesta brukar Klemetsrudmodellen eller delar av den i saker som gjeld mistanke om vald eller overgrep.

Alle undersøkingar skal starte opp i tråd med interne fristar:

Kategori 1: svært alvorleg, vesentleg skadelidande/akutt – oppstart snarast og innan 24 timar. Kategori 2: Alvorleg omsorgssvikt – oppstart seinast innan 10 dagar.

Kategori 3: Vurdering av behov for hjelpetiltak – oppstart seinast innan 21 dagar.

Kategori 4: Mindre alvorlege – oppstart seinast innan 4 veker, kan bli nedprioritert om anna ikkje er spesifisert.

Prioritering av hastekategori er utarbeida for å sikre at tenesta prioriterer riktig, for eksempel når ein kontaktperson får flere undersøkingar så går det fram kva som skal prioriterast. Formålet er differensiering av alvor og hastegrad.

Alle sakene vi gjekk igjennom hadde skjema for meldingsgjennomgang, det det går fram at meldinga er vurdert opp mot aktuell bekymring, hastegrad, korleis saka skal starte opp, og informasjon frå tidlegare.

Det er bestemt at det skal lagast undersøkingsplan i alle undersøkingar. Planen skal vera eit verktøy for å sikra framdrift i forhold til fristar og informasjon til familien og andre samarbeidspartar om barnevernstenesta sitt arbeid. Det er kontaktpersonen som har ansvar for å starte undersøkinga i samsvar med fristane i meldingsgjennomgangsskjemaet, utarbeide undersøkingsplan, og å sørje for at

oppgåver blir utført i tråd med bekymringa og gjennomgang av meldinga, slik at barnets omsorgssituasjon blir avklart. Kontaktpersonen har og ansvar for at undersøkinga blir avslutta innan frist. Vi fekk i intervju vite at kontaktpersonane opplever skjema for meldingsgjennomgangen som ei tydeleg bestilling på kva som skal undersøkjast. Dei opplevde det lett å vite korleis dei skal innrette undersøkinga og i kva grad det hasta å kome i gang med undersøkinga. Kontaktpersonane var også tydlege på at dei les seg opp på tidlegare meldingar og informasjon om barnet og familien før dei utarbeider undersøkingsplanen. Samtidig med utarbeiding av undersøkingsplanen, legg kontaktpersonen inn avtalane i kalenderen sin for slik å sikre at dei har tid til å gjennomføre undersøkinga som planlagt.

I første samtale får foreldra informasjon om bekymringsmeldinga, undersøkingsplanen blir gjennomgått og det blir avtalt datoar for til dømes barnesamtale, heimebesøk, observasjonar, og oppsummeringssamtale med foreldra. Barnevernstenesta informerer og om kva for instansar dei ønskjer å innhente informasjon frå, og foreldra blir bedt om å samtykke til innhenting av informasjon. Vi fekk i intervju informasjon om at det er kontaktpersonen som vurder korleis familien skal bli orientert om undersøkinga. Dei fleste fortel at dei kontaktar familieane på telefon og tilbyr samtale hos barnevernstenesta same dag, eller på eit tidspunkt som passar familien. Kontaktpersonen ferdigstiller undersøkingsplanen etter samtalen med familien og oppdaterer eigen kalender med avtalane i tråd med planen.

Alle sakene vi gjekk gjennom hadde undersøkingsplan med oversikt over planlagt aktivitet i undersøkinga. I skriftleg rutine for gjennomføring av undersøking går det fram at tenesta skal gjennomføre ei midtvegsevaluering. Den skal avklare om det er noko meir som skal kartleggast, om undersøkinga må utvidast til å omfatte andre forhold og om det er grunnlag for å utvide fristen for undersøkinga.

Kontaktpersonen som har ansvar for undersøkinga drøftar midtvegsevalueringa i lagdrøft eller individuelt saman med lagleiar.

Kvar andre veke har lagleiar individuell rettleiing med kontaktpersonane, der alle sakene blir gjennomgått. Status i saka, fristar, framdrift i undersøkinga, kva barnet har fortalt og eventuelle utfordringar i arbeidet blir tatt opp her. Både tilsette og lagleiarar formidla i intervju at lagleiar er tilgjengeleg for kontaktpersonane om dei treng å drøfte eller avklare noko mellom oppsett rettleiingstid.

Kvar veke er det lagmøte, der nye undersøkingar blir fordelt og saker blir drøfta. Både kontaktpersonar og lagleiar kan ta opp saker i møtet. Vi fekk i intervju vite at dei tilsette opplevde lagdrøftinga som eit godt fora til å ta opp saker til drøfting, og at ein aldri sit åleine med avgjerder og vurderingar i sakene. Dei tilsette brukte også kvarandre om dei hadde behov for å drøfte ei sak eller for å sjekke ut med andre på kontoret med meir kompetanse på det aktuelle temaet.

Kontaktpersonen har ansvar for å halde lagleiar oppdatert på framdrift av undersøkinga. Ved mogleg fristbrot eller behov for å utvide undersøkinga, skal dette takast opp med lagleiar. Der det blir bestemt å utvide undersøkinga skal det skrivast brev med kortfatta og konkret framstilling av kva med saka som gjer undersøkinga særst omfattande og tidkrevjande. Kopi av brevet skal sendast Statsforvaltaren ved innsending av fristskjema for aktuell undersøking. Det skal meldast avvik ved fristbrot. Lagleiar etterspør framdrift i den individuelle drøftinga annankvar veke.

Statsforvaltaren har i perioden juli 2020 til juni 2021 motteke informasjon om at barnevernstenesta har utvida sju undersøkingar. Ingen av utvidingane er godkjente. Vi har ikkje motteke kopi av breva om utviding av fristen for desse undersøkingane.

I alle saker der bekymringa for eit barn aukar og det er behov for å vurdere hasteflytting eller å fremje sak for fylkesnemnda, blir det kalla inn til eit drøftingsmøte der kontaktperson, lagleiar og barnevernsleiar deltek. Det er barnevernsleiar som tek avgjerd om hasteflytting eller behov for tvangsvedtak, men han gjer det etter drøfting med lagleiar og kontaktperson som kjenner saka.

Barns rett til å medverke

Ein vesentleg del av informasjonsgrunnlaget i ei undersøking er samtalar med barn. I følge barnevernstenesta sin rutine skal barn som hovudregel bli snakka med i undersøkinga. I saker der barn ikkje blir snakka med, skal det gå fram kva for vurderingar som ligg til grunn for dette og det skal dokumenterast i fagsystemet kvifor det er best å ikkje snakke med barnet. Gjennom barnesamtalen skal det skapast rom for at barnet si oppleving av eigen situasjon kjem fram. Barnet skal også få informasjon om undersøkinga og kva som er barnevernstenesta si oppgåve. I intervju går det fram at alle er kjent med dette.

I dei 22 sakene vi har gått igjennom er det dokumenter at det er gjennomført samtalar med barn om bekymringa og undersøkinga i 21 av 22 saker. Der det ikkje var snakka med barnet, gjekk det fram av dokumentasjonen at årsaka til dette var barnets alder. I dei aller fleste sakene var det snakka med barnet fleire gonger, både i starten av undersøkinga, undervegs og før konklusjon av undersøkinga. Samtalane er gjennomført med barnet åleine, eller saman med ein trygg person for barnet som lærar, helsesjukepleiar eller foreldra. Vi ser at barneverntenesta nokon gonger reiser på heimebesøk der formålet er å bli kjent med barnet og familien, og for å bidra til at dei ved neste møte kan snakke trygt når barnevernstenesta skal snakke med barnet om innhaldet i meldinga.

Saksgjennomgangen viser at barna får informasjon om kva bekymringsmeldinga inneheld, kva som er barnevernstenesta si oppgåve, kvifor barnevernstenesta ønskjer kontakt med barnet, føremålet med samtalen, og informasjon om kva barnet har sagt om bekymringa. Der barnet bekreftar innhaldet i meldinga, kan vi sjå at barnevernstenesta har brukt informasjonen frå barnet i det vidare arbeidet, og i oppsummeringa av saka. I fleire saker går det og fram at det er avklart med barnet korleis informasjonen frå barnet blir brukt, det er avklart med barnet kven som får

vite kva barnet fortel, og eventuelt når informasjon frå samtalen med barnet blir delt med andre. Saksgjennomgangen viser at barnevernstenesta i dei fleste sakene har hatt kontakt med barnet gjennom heile undersøkinga. Det er likevel berre unntaksvis at barnevernstenesta ved avslutning av undersøkinga snakkar med barnet om kva dei meiner om tiltaka barnevernet forslår.

I intervju får vi forklart at tenesta har auka fokus på barnet si stemme, medverknad, det å møte barnet med kjærleik, samt vera bevisste språket i barnevernet. I 2018-2019 deltok heile tenesta i RVTs sitt kompetansehevingsprogram Avdekking- kva så? Ein del av programmet var at alle tilsette deltok i eigne grupper for opplæring i barnesamtalar. To tilsette fekk opplæring i å driva slike grupper vidare. Ei gruppe var i gong då Covid-19 kom, og vil starta opp att så snart det er mogleg.

I meldingsgjennomgangen vurderer meldingsmøtet om undersøkinga bør starte med samtale med barn, til dømes i undersøkingar om mistanke om vald og overgrep. Kontaktpersonen har ansvar for å vurdere korleis barnesamtalen skal gjennomførast på ein slik måte at barnet trygt kan fortelje om eigen situasjon. I saker der barnesamtalen kjem etter kontakt med foreldra, blir det ofte gjennomført heimebesøk for å møte barna og bli kjent, før det blir avtalt tidspunkt for barnesamtalen. Barnevernstenesta informerer barnet at det kan ha med seg ein tillitsperson i samtalen, til dømes kontaktlærer eller helsesjukepleiar.

Både kontaktpersonane og lagleiarane formidla i intervju at det skal gjennomførast barnesamtalar i alle undersøkingar, så mange samtalar som er nødvendig. Barnevernstenesta nyttar i nokre barnesamtalar mal for barnesamtale, der det går fram kva som er formålet med samtalen, kva som er snakka om i samtalen og barnevernstenestas vurderingar etter samtalen. I nokre saker som gjeld vald eller overgrep, går det også fram at barnevernstenesta har snakka med barnet om korleis informasjonen frå barnet blir brukt vidare i undersøkinga og kven barnevernstenesta kan dele informasjonen med. Barnet skal både få informasjon om bekymringa, og få uttale seg om eigen situasjon, få informasjon undervegs i undersøkinga og før konklusjon av undersøkinga.

Lagleiar spør kontaktpersonane om barnet er snakka med i undersøkinga, og kva barnet meiner om eigen situasjon. Barnets mening blir også etterspurt når saka blir drøfta i lagmøta, både av lagleiar og dei andre kontaktpersonane.

Informasjon til barn og foreldre og samtykke til å innhente informasjon i undersøkinga

Ein del av informasjonsgrunnlaget i ei undersøking, er informasjon frå instansar rundt barn og foreldre som til dømes helsestasjon, og skule. Ifølgje kommunens rutinar for innhenting av informasjon skal barneverntenesta som hovudregel be foreldra om samtykke til innhenting av opplysningar. Då skal ein nytte skjema «samtykke til innhenting av informasjon». Dei skal informere om kven barnevernet vil kontakte og kva for opplysningar de vil be om. Videre skal foreldra informerast om at barnevernet kan innhente opplysningar ved pålegg. Der foreldra ikkje samtykker til informasjon, vil

kontaktpersonen informere foreldra om at barnevernstenesta kan innhente informasjon utan samtykke frå foreldra, men at kontaktpersonen vil drøfte dette med lagleiar. Etter å ha drøfta med lagleiar og vurdert om det skal innhentast informasjon utan samtykke frå foreldra, vil kontaktpersonen informere foreldra om kva som er bestemt. I intervju fekk vi vite at foreldra stort sett alltid samtykker til innhenting av informasjon.

Tenesta har skriftleg rutine for fyrstegongs samtale i undersøkinga. Her går det fram at foreldra skal informerast om korleis barnevernet jobbar. Kva for informasjon foreldra faktisk får i samtalen er i nokon saker gjengjeve i journalnotat. Tenesta brukar i liten grad møtereferat. Frå intervju med de tilsette har vi opplysningar om at foreldra som regel får munnleg informasjon om saksgang og rettar, og at informasjonen som blir gitt er relevant og tilpassa den enkelte sak. Vi har også fått opplysningar om at tenesta ved behov bruker tolk.

I første samtale med foreldra går kontaktpersonen gjennom meldinga og gjev dei moglegheit til å kommentere innhaldet i meldinga. Kontaktpersonen skal også gje foreldra informasjon om rettigheiter, om korleis barnevernstenesta jobbar og gå gjennom undersøkingsplanen og avtale datoar. I samtalen blir det også gitt informasjon til foreldra om innhenting av informasjon frå andre, og foreldra gjev skriftleg eller munnleg samtykke til innhenting av informasjon frå aktuelle instansar. Vi fekk i intervju vite at kontaktpersonane informerer foreldre om kva instansar barnevernstenesta vurderer er aktuelle å innhente informasjon frå. Foreldra får også munnleg informasjon om kva barnevernstenesta vil innhente informasjon om, men det blir ikkje dokumentert.

I vår saksgjennomgang er det dokumentert at foreldra har fått informasjon om innhenting av opplysningar. Foreldra har i dei aller fleste sakene underteikna eit samtykkeskjema der dei har kryssa av på ei liste at barnevernstenesta til dømes kan innhenta opplysningar frå skule eller barnehage. Det går ikkje fram av samtykket kva for informasjon barnevernstenesta skal hente inn, eller om samtykket gjeld for ein avgrensa periode. I intervju får vi informasjon om at kontaktpersonen alltid snakkar med foreldre om kva det skal innhenta informasjon om, og at dette som regel blir dokumentert i journalnotat.

Gjennomgang av journalsystem bekreftar dette.

Vi har ikkje fått skriftleg rutine frå kommunen som gjer greie for kven som har ansvar å ta stilling til kven av foreldra som skal ha status som part i den enkelte undersøkinga, og sørge for at partane får informasjon om kva for rettar detter utløyser.

Saksgjennomgangen viser i nokon saker at den forelderen som barnet ikkje bur fast saman med blir inkludert i undersøkinga. I dei tilfella der samværsforelderen ikkje er inkludert i undersøkinga, er det ikkje grunngjeve og dokumentert kvifor. I intervju kom det fram ulike synspunkt på om ei undersøking alltid skal omfatte begge foreldre

sine heimar for å avklare barnets omsorgssituasjon. Nokon meinte at innhaldet i meldinga var avgjerande, til dømes om meldinga handla om mors omsorgsevne så var det ikkje naudsynt å inkludere far i undersøkinga. Andre gav uttrykk for at ein alltid skulle informere og inkludere begge foreldra i undersøkinga.

Barn over 15 år har eigne partsrettar i barnevernets undersøking. I saksgjennomgangen fann vi ingen skriftlege samtykker frå barn, sjølv om både barnets alder og det bekymringa omhandla, tilsa at det kunne være nødvendig. Det kom fram av journalnotat at fleire var munnleg orientert om at det blei innhenta informasjon, og i intervju fekk vi forklart at barn fekk slik informasjon, men ikkje at det var rutine å spørje om samtykke.

Kontradiksjon – partanes rett til å uttale seg, gjere seg kjend med og eventuelt seie imot opplysningar

Praksis er at kontaktpersonen munnleg informerer og gjennomgår innkomen informasjon frå andre instansar med foreldra.

Barnevernet har innhenta opplysningar i alle sakene vi har gjennomgått. Det går ikkje fram at foreldre har fått tilsendt kopi av innhenta opplysningar undervegs i undersøkinga i nokon av dei 22 undersøkingane. Kontaktpersonane fortalde at det hender at de vidare sender innhenta opplysningar til foreldra om dei ber om det, eller at foreldra får med seg kopier i møter med barnevernet. Inntrykket er at praksis på dette området er variabel, men at foreldra i dei fleste sakene får informasjon om kva for tilbakemeldingar barnevernstenesta har fått frå andre. I nokon av sakene kan vi sjå av journalnotat at barnevernstenesta har gjennomgått innhenta opplysningar i møte med foreldra og at foreldra sine kommentarar til opplysningane er dokumentert.

Tilsette fortel at det ikkje blir sendt ut referat frå samtaler med foreldra. Saksgjennomgangen bekreftar dette. I saksutvalet på 22 saker finner vi ingen døme på at referat frå heimebesøk og samtaler er sendt ut til foreldra. Vi får forklart at opplysningar frå til dømes heimebesøk eller samtalar på kontoret blir dokumentert i journalnotat, og at foreldra får kopi av desse om dei ber om det. Vi får vite at dei sjeldan ber om dette. Vidare får vi informasjon om at foreldra blir innkalla til eit avsluttande møte for gjennomgang av undersøkingsrapporten der blant anna innhenta opplysningar blir gjennomgått, og dei får anledning til uttale seg. Frå intervju med tilsette får vi opplysningar om at det er lagt opp til at kontaktpersonen både skal ta initiativ til eit møte for å gjennomgå innhenta opplysningar med foreldra, og seinare ein oppsummeringssamtale der barneverntenesta legg fram sine vurderingar og evt. forslag til tiltak. Leiarar og kontaktpersonar meiner at foreldra på denne måten får anledning til å korrigere faktum i samtalar, i tillegg til at faktum går fram av undersøkingsrapporten.

Barneverntenesta har gjennomført møte for oppsummering og konklusjon i dei fleste sakene. Der det ikkje er gjennomført går det fram av journalnotat at det er fordi foreldra ikkje har ønska dette og har bedt om at undersøkingsrapporten og vedtaket blir sendt til dei. I vår saksgjennomgang er det saker der barnevernstenesta har dokumentert at barn har fått informasjon om barnevernstenesta sine vurderingar før undersøkinga blir avslutta. Det er likevel få saker der det går fram om barnet eller foreldra har uttalt seg om forslag til hjelpetiltak før undersøkinga er avslutta og om det eventuelt er tatt omsyn til familien sine meiningar.

Undersøkingar - prosessar knytt til avgjerder og vurderingar

Vi har gått igjennom 22 saksmapper knytt til undersøkingar om vald og overgrep.

I intervju får vi vite at leiinga arbeider for at midtvegsevaluering skal gjennomførast rutinemessig og meir systematisk enn i dag, altså at det alltid er eit stoppunkt midt i undersøkingar. Føremålet er å sikre at undersøkinga blir evaluert og justert i tråd med informasjonen i saka. I vår gjennomgang av saker ser vi at det er eit eller fleire stoppunkt i dei fleste undersøkingane. Justeringar av undersøkingar blir drøfta lagmøte eller med lagleiar, og det blir laga notat frå denne drøftinga som ligg i barnets journal. I desse notata går det til dømes fram informasjon om framdrifta i saka, korleis opplysningar blir vurdert og om det er behov for å innhente meir informasjon, eller om undersøkinga må justerast på annan måte.

I intervju får vi vite at barnefaglege vurderingar og avgjerder om undersøkinga skal vere forankra i lagmøte eller med lagleiar. Dersom det er grunn til å vurdere å fremme sak om omsorgsovertaking eller hasteavgjerder blir barnevernsleiar kopla på saka. Ut frå vår saksgjennomgang ser vi at kontaktperson følgjer opp og justerer arbeidet i undersøkingane i tråd med vurderingane som er gjort i lagmøte. Vi ser òg at det i dei fleste sakane er stoppunkt med foreldre og barn der dei får vite kva for informasjon barnevernstenesta har fått, og korleis denne blir vurdert. I fleire saker går det fram kva foreldre og nokre gonger barn meiner om informasjonen, og dette blir notert i saka. I dei fleste sakene er det tett oppfølging av både foreldre og barn, særleg i starten av undersøkinga.

I fleire saker blir det innhenta opplysningar som gir grunn til auka bekymring for barnet. Vi ser at dette i stor grad blir følgt opp i tråd med drøftingane i lagmøte. Det er kontaktpersonen som har ansvar for å dokumentere dette i den enkelte sak. I ei undersøkingssak kjem det inn nye bekymringar for barn som ikkje blir følgt opp og undersøkt sjølv om informasjonen er alvorleg. Dette er informasjon om at barnets omsorgsperson er mykje borte frå barnet, opptrer ustabil og kan vere aggressiv. I denne saka kjem det inn fleire meldingar som ikkje blir følgt opp, men etter nokre månader kjem det inn bekymringsmelding og barnevernstenesta opnar ny undersøkingssak. Dette er om lag seks månader etter at saka blei lagt bort utan tiltak. Når ny undersøking blir iverksett på nytt blir barnets omsorgssituasjon og innhaldet i både den nye og dei tidlegare bekymringsmeldingane undersøkt og avklara, og barnet får tiltak frå barnevernstenesta.

Undersøkingar skal oppsummerast og ha ein forsvarleg konklusjon i samsvar med informasjonen i saka og barnets beste. I følgje barnevernstenesta sin rutine skal det lagast undersøkingsrapport i alle saker. Rapporten skal innehalde informasjon om meldinga, tidlegare kontakt med familien og vurderingar som blei gjort før konklusjon av meldinga. Vidare skal det gå fram i rapporten kva som er gjort undervegs i undersøkinga, kva barnet og foreldra meiner, informasjon frå andre og dei vurderingane barnevernstenesta gjer av barnets omsorgssituasjon ut frå bekymringa i meldinga. Det er kontaktpersonen som utarbeider undersøkingsrapporten, før den blir sendt til lagleiar for gjennomgang og kvalitetssikring. Det er kontaktpersonen som har ansvar for å gjennomgå rapporten med familien, og sende ut rapporten. Saksgjennomgangen viser at nesten alle sakene har sluttrapport, og i dei fleste går det fram kva for informasjon rapporten byggjer på og barnets mening går fram i vurdering og konklusjon. I nokre sluttrapportar er det gjort greie for tidlegare kontakt med familien, men informasjonen frå tidlegare kontakt bli i nokre få saker ikkje vurdert opp mot informasjonen og arbeidet i den nye undersøkinga. I desse sakene ser vi at tidlegare kontakt med familien ikkje er teke med i vurderinga av bekymringa og barnets noverande situasjon, sjølv om problematikk og bekymring i stor grad er den same. Døme på dette er ei sak der det tidlegare var alvorleg bekymring for foreldra sine rusvanskar, omsorgsutøving, sinneproblematikk og alvorlege psykiske vanskar. Når det blei opna ny undersøking i saka med same bekymring som tidlegare, går det ikkje fram om eller korleis dette er vurdert i oppstarten av saka. Det går i denne saka heller ikkje fram at det påverkar barnevernstenesta sine vurderingar knytt til risiko. Det går vidare fram at barnevernstenesta i denne saka foreslår same tiltak som før, utan at dette blir problematisert. Det betyr at det er informasjon i saka som skulle påverka vurderinga av alvoret for barnet ved gjennomgang av meldinga, i justering av undersøking undervegs i saka og i oppsummeringa. Det betyr at det i nokre saker ikkje er gjort vurderingar av om-, eller på kva måte informasjon frå tidlegare kan påverke barnets aktuelle situasjon, og at dette ikkje er fanga opp av leiinga. I dei fleste sakene blir undersøkingar gjennomført på ein måte som er tilpassa bekymringa og undersøkinga avklarar barns omsorgssituasjon. I fleire saker har det tidlegare vore undersøkingar om same tema, men vi ser at når barnevernstenesta undersøker saka på nytt i 2020 eller 2021 blir barnets omsorgssituasjon avklara og tilpassa tiltak iverksett raskt.

Vi ser at barnevernstenesta i saker om vald og høg konflikt raskt går i gang og sikrar barn. Det blir gjort vurderingar knytt til framgangsmåte, det blir oppretta kontakt med politi, og vurdert og iverksett tryggingstiltak både før kontakt med familien, og etter at kontakt er etablert på bakgrunn av informasjonen barn og foreldre gir.

Vedtak om tiltak

Konklusjon på undersøkinga og vurderingar knytt til konklusjonen skal komme fram i vedtak om avslutning av undersøkinga. Det er gjort vedtak i alle sakene vi har gått igjennom. I fleire av vedtaka er det manglar ved at det ikkje går fram korleis informasjon om og frå barnet er vurdert opp mot annan informasjon. Dette gjeld også vurdering av barnets beste. Fleire av vedtaka mangla og informasjon om kva for hjelp barnet sjølv fortalde det hadde behov for. Når vi les undersøkingsrapportane finner vi informasjon om dette.

I intervju fekk vi vite at nokre kontaktpersonar går gjennom undersøkingsrapporten og vedtaket med foreldra før undersøkinga er ferdig stilt. Andre gonger sender dei ut vedtak og undersøkingsrapport i etterkant av at undersøkinga er ferdig. Men innhaldet i undersøkingsrapport og vedtak skal vere kjent for foreldra før undersøkinga blir konkludert, ved at kontaktpersonen har informert foreldra og gjennomgått kva som er gjort i undersøkinga og kva som er barnevernstenesta sine vurderingar og konklusjon. Vi fekk vite at det tidvis er utfordringar med å få skrive undersøkingsrapporten samtidig med vedtak og tiltaksplan, og at i nokre saker går det tid før undersøkingsrapporten og vedtak blir sendt til foreldra.

Informasjon om koronasituasjonen sin påverknad av arbeidet

Leiinga og dei tilsette fortel at dei har oppretthaldt tilnærma normal drift gjennom pandemien, sjølv om belastninga på dei tilsette har blitt større på grunn av smittevern. Det har vore tett kontakt med kommunelegen om smittevern og risikovurderingar knytt til tenester for barn og familiar.

Barnevernstenesta vurderte tidleg at det kunne få store konsekvensar for barn og familiar om tenesta ikkje var operative då mange av dei andre samarbeidspartane som skule og helsestasjon var stengt. I byrjinga var nokre tilsette på heimekontor, men tilsette i barnevernstenesta har stort sett jobba som normalt med nokre tilpassingar som til dømes heimekontor for nokre tilsette og bruk av digitale møter. Det er gjennomført heimebesøk, samvær og møter med barn og familiar. Deler av undersøkingsarbeidet har i periodar blitt påverka på grunn av andre tenester sine tiltak. Døme på dette er tilrettelegging av samtalar på skule eller barnehage, og å få svar på innhenting av opplysningar frå andre instansar til rett tid.

I saksgjennomgangen finner vi at aktivitet knytt til undersøkingane har blitt gjennomført til tross for pandemien, og at undersøkingane har blitt gjennomført, med nokon unntak, innanfor fristen på tre månader.

Kommunen gjennomførte ei kartlegging i juni 2021 knytt til verknader av pandemien for tilsette og brukarar av kommunen sine tenester og tilbod. Det viste seg at dei som har hatt det vanskeleg fekk det verre, og at dei som har det bra har hatt det greitt også under pandemien.

Statsforvaltaren sine samtalar med barn og foreldre

Som del av tilsynet har vi snakka med familiar der det er gjennomført undersøkingar i 2020 og 2021. Vi har snakka med to barn og foreldre til 14 barn. Familiene vi snakka med er ikkje valt ut frå dei same kriteria som saksmappene vi har gått gjennom.

Foreldra fortel at dei underteikna samtykke til å innhente informasjon, at dei veit kven det blei innhenta informasjon frå, men fleire gjev uttrykk for at dei ikkje veit kva det er innhenta informasjon om. Fleire fortel at dei ikkje har vist kva informasjon barneverntenesta har fått, eller korleis denne er forstått før etter at undersøkinga er konkludert. Fleire gav uttrykk for at dei ikkje fekk sjå undersøkingsrapporten før den var ferdig, og at dei ikkje fekk gi uttrykk for om informasjonen som var innhenta var rett forstått. Fleire gav uttrykk for at barnevernstenesta skulle ha sjekka ut om dei

hadde forstått informasjonen rett, og fått foreldra sitt syn på informasjonen som var innhenta frå andre. Andre gav uttrykk for at dei fekk for lite informasjon undervegs i undersøkinga. Dei meinte at det var viktig at barnevernstenesta alltid sørger for tett dialog under heile undersøkinga, også der det ikkje er noko nytt i saka, slik at føresette ikkje treng å gå å lure på kva som skjer. Til dømes er det vist til at barnevernstenesta hadde utarbeida undersøkingsplan, men planen blei ikkje følgt. Fleire gjev uttrykk for at det har svekka tilliten til barnevernstenesta, at dei føler seg usikre, og at dei i ein periode mista litt kontrollen over eige liv.

Andre opplevde at barna ikkje fekk god informasjon om deira rettigheter eller korleis barnet skulle delta i undersøkinga. Eit resultat av dette var at barnet ikkje ønska å delta, fordi barnet opplevde at barnevernstenesta ikkje brydde seg.

Andre fortel om undersøkinga som ei positiv oppleving, og at dei har fått god støtte og oppfølging frå barnevernstenesta. Døme på dette er foreldre som opplevde at dei urettmessig blei sendt til barnevernet, og at barnevernet raskt fekk avklart bekymringa. Eit barn fortel om god hjelp frå kontaktpersonen, og at det var trygt å snakke med barnevernstenesta om vanskelege tema. Eit anna døme er foreldre som opplever at barnevernstenesta gav god støtte i ein krevjande livssituasjon, dei kunne til dømes ringe dersom dei trengte råd og rettleiing. Vi fekk vite at fleire fekk god informasjon om kva som var gjort av arbeid i saka, dei blei informert om kven barnevernstenesta skulle snakke med, og dei fekk vite korleis barnevernstenesta vurderte informasjonen frå dei. Fleire foreldre fortalte at dei har fått tilbakemelding og referat frå barnevernstenesta, og barnevernstenesta i møte med alle involverte instansar hadde gitt ei oppsummering om planen vidare/kva for hjelp foreldre og barn skulle få.

Leiinga si oppfølging og kontroll av arbeidet i undersøkingar - kvalitetssikring

Einingsleiar har det overordna ansvaret for kvaliteten i arbeidet med undersøkingar. Einingsleiar har kvar månad fast samhandling med kommunalsjef og rapporterer nøkkeltal. Nøkkeltal og informasjon om flytting av barn ut av heimen blir jamlege delt med samarbeidskommunane. Det er kommunalsjef som orienterer kommunestyret om barnevernstenesta, og som kallar inn einingsleiar ved behov.

Einingsleiar held seg oppdatert på kvalitet og framdrift i undersøkingane ved å få løypande oppdatering frå lagleiarane. Det er lagleiarane som følgjer med på nøkkeltal kvar veke, og lagleiarane rapporterer til einingsleiar. Ved fristbrot blir einingsleiar orientert, og lagleiar må forklara årsaka til fristbrotet.

Einingsleiar har faste møter med lagleiarane. Organiseringa til tenesta er valt for å redusera brot for barnet og familien til kontaktperson, gje lagleiarane betre tid til å rettleie sitt lag individuelt og samla, samt å spesialisere lag ved å auke kompetansen til spe- og små og ungdom.

Det er einingsleiar som tek avgjerd om hasteflytting eller behov for tvangsvedtak, etter drøfting med lagleiar og kontaktperson som kjenner saka.

Den enkelte kontaktpersonen tek viktige avgjerder på eiga hand, til dømes korleis forstå informasjonen frå samtale med barn, og kva informasjonen har å seie for det vidare arbeidet i undersøkinga. Dei skal også analysere informasjonen og sjå den i samanheng. Tilsette får hjelp til dette ved at dei har fast rettleiing både individuelt og i lagmøte, der kvar sak blir gjennomgått og diskutert. Vi får skildra at lagleiar er tett på kontaktpersonane, og at lagleiarane har faste treffpunkt der leiar deltek, også ved drøfting av saker. På den måten følger einingsleiar systematisk med på at kvaliteten i undersøkingane er i samsvar med lovkrav. Einingsleiar blir involvert i enkeltsaker om tvang, eller andre alvorlege eller komplekse saker. Desse skal avklarast og diskutert med leiar. I tillegg tar barnevernsleiar stikkprøver, lesar innimellom bekymringsmeldingar og følgjer med på nøkkeltal.

Leiinga er kjent med at dei i periodar ikkje har gjennomført undersøkinga innan frist og at undersøkningsrapportar og vedtak ikkje alltid er ferdig til rett tid. Leiinga har derfor utarbeida interne fristar med ulik prioritering av hastekategori for å sikre differensiering av alvor og hastegrad.

Gjennom intervju fekk vi vite at barnevernstenesta vurderer at dei må bli betre på analyse og vurderingar, og dei har bestemt å ha dette som fokusområde i arbeidet i tenestestøtte.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

Statsforvaltaren vurderer at barnevernstenesta avklarar meldingar innanfor frist på ei veke, og gjer naudsynnte akuttvurderingar der det er aktuelt. Vidare finn vi det dokumentert at tidlegare kjennskap og informasjon om familien tas med i meldingsavklaringa samt vurderingar om søsken skal inkluderast i undersøkinga. I alle dei 22 gjennomgåtte sakene låg det meldingsavklarings skjema. I skjema gjekk det fram kva som skulle undersøkast, og det samsvara med alvoret i meldinga.

På bakgrunn av den informasjonen som kom fram i tilsynet meiner vi at barnevernstenesta ved å følge rutinen dei har for mottak og avklaring av melding, og oppstart av undersøkingar, arbeider på ein systematisk måte i planlegging og førebuing av undersøkingane.

Kategoriseringa mottaksteamet gjer ved overgang til undersøking gjev ei retning på oppstart av undersøkinga og ein minimumsstandard av kva for aktivitetar undersøkinga skal innehalde. Ved saker som gjeld vald og overgrep følger tenesta Klementsrudmodellen, der blant anna oppstart av undersøkinga er annleis enn i andre saker. Dette bidrar til at oppstarten av undersøkinga blir oversiktelege for foreldre og for barn. Vi meiner at barneverntenesta sitt arbeid er i tråd med kravet til forsvarlege tenester i barnevernslova, som krev at barnevernstenesta sitt arbeid skal vera systematisk.

Undersøkingar – innhenting av informasjon/fakta grunnlag

Målet med barnevernstenesta sine undersøkingar er å avklare barnets omsorgssituasjon opp mot bekymringa i saka innan rimeleg tid, slik at barnet blir sikra forsvarleg omsorg og riktig hjelp til rett tid. Statsforvaltaren vurderer at barnevernstenesta sine rutinar for kvalitetssikring og framdrift i undersøkinga samsvarar med tenesta sin praksis slik den blei skildra i intervjuet og vi fant i vår saksgjennomgang. Dei tilsette er godt kjent med ansvarsdelinga og systematikken i undersøkinga og formålet med denne. I alle dei 22 saksmappene vi har gjennomgått er meldingsgjennomgangen journalført, og det er oppretta undersøkingsplan i alle sakene. Det går fram kva som skal undersøkast, og det er samsvar mellom meldingsgjennomgangen, undersøkingsplanen og gjennomføring av undersøkinga. I nokon saker ser vi likevel at framdrifta i sakene som tenesta sjølv har satt i kategori 2 – oppstart innan 10 dagar, kjem for seint i gang, sjølv om innhaldet er meldinga gjeldt vald og barnets omsorgssituasjon ikkje er klarlagt. Vi ser at dette i nokon saker har ført til at undersøkingane har gått over frist, og i nokre få saker ser vi at kort tid har ført til at undersøkinga ikkje har hatt nødvendig omfang og framdrift for å sikre forsvarleg vurdering av barns omsorgssituasjon.

Vi meiner likevel at dette skjer unntaksvis, og at undersøkingar i hovudsak blir gjennomført systematisk og på en måte som avklarar barns omsorgssituasjon. Vi legg vekt på at aktivitetane i dei fleste sakene er tilpasse den aktuelle undersøkinga, til dømes kven det skal innhentast informasjon frå, gjennomføring av heimebesøk og observasjonar, og at informasjon blir følgt opp og vurdert undervegs. Det blir òg gjort nødvendige justeringar undervegs i undersøkingar. Vi ser at det blir snakka med barn i nesten alle undersøkingar, og at barn blir snakka med fleire gonger om det saka gjeld.

Tilsette som arbeider med undersøkingar må ha god kunnskap om dei grunnleggande krav til rettstryggleik for partane. Barnevernstenesta sine undersøkingar er eit område av stor betydning for folk si velferd og med stort rom for skjønn. Ivaretaking av rettstryggleiken er av den grunn særleg viktig, og det skal ikkje vere opp til tilfeldigheter eller enkeltpersonar sin innsats at barn og vaksne får ivaretatt sine rettar. Vi har fått opplysningar om at foreldre får ivaretatt sin rett til kontradiksjon ved at informasjonen blir lagt fram i møter, blir munnleg formidla og at foreldra får kopi av opplysningane om dei ønskjer det.

Vi meiner tilsynet har vist at det ofte blir opp til den einskilde kontaktperson om og på kva måte foreldre får vite kva informasjon barnevernstenesta har, og dei får gitt sin vurdering tilbake til barnevernstenesta. Vi meiner leiinga i større grad må sikre at det er gode rutinar for dette, og at leiinga har rutinar for å følgje med på at praksis er i tråd med lovkrav. Til tross for at vi meiner dette er eit sårbart område, så har vår gjennomgang av saksmapper, samtaler med familiar og intervju av tilsette vist at foreldre i dei fleste sakene får ivaretatt sin rett til kontradiksjon i tråd med lovkrav slik at korrekt faktum blir lagt til grunn i den enkelte undersøking.

Det er ikkje eit krav at samtykke til å innhente informasjon skal vere skriftleg. Foreldra har i dei aller fleste sakene undertekna eit samtykkeskjema der dei har kryssa av på ei liste at barnevernstenesta til dømes kan innhenta opplysningar frå skule eller barnehage. Vi meiner at malen for samtykke til innhenting av opplysningar manglar informasjon om kva tenesta skal innhente opplysningar om, og for kva periode samtykke gjeld. Sjølv om det ikkje er eit lovkrav at samtykke skal vere skriftleg, meiner vi at når tenesta bruker skriftleg samtykke bør det også gå frå fram kva samtykke gjeld. Vår vurdering er likevel at tenesta sin praksis er i tråd lovkrav fordi det går fram av intervju og skriftlege referat frå samtalar med foreldre i dei fleste sakene, at dei får informasjon om kva for informasjon barnevernstenesta vil be om, og årsaka til dette. Vi ser òg at innhenta opplysningar blir sendt til foreldra om dei ber om det, eller foreldra får med seg kopiar i møte med barnevernet. Det er ikkje klart for alle kontaktpersonane om krav om innsyn også omfattar journalnotat.

Under tilsynet blei det ikkje lagt fram skriftleg rutine frå kommunen som gjer greie for kven som har ansvar å ta stilling til kven av foreldra som skal ha status som part i den enkelte undersøkinga, og sørge for at partane får informasjon om kva for rettar detter utløyser. Dette er særleg relevant når foreldre har del i foreldreansvaret, men ikkje bur saman med barnet. Foreldre som ikkje har foreldreansvar skal også informerast om undersøkinga, og få anledning til å gje opplysningar og komme med synspunkt.

I saksgjennomgangen er det få saker der partsrettar er dokumentert. Vi fann også få saker der det var dokumentert at tenesta hadde sikra at alle barn over 15 år får ivareteke sine partsrettar i undersøkinga. Under dette om det blir innhenta samtykke frå barn over 15 år til innhenting av opplysningar.

Saksgjennomgangen viser at det varierer om foreldre som barnet ikkje bur med blir inkludert i undersøkinga. I dei tilfella der samværsforelderen ikkje er inkludert i undersøkinga, er det ikkje grunngjeve og dokumentert kva som ligg til grunn for dette. I intervju kom det fram ulike synspunkt på om ei undersøking alltid skal omfatte begge heimar eller om undersøkinga berre gjeld den barnet bur hos. Nokon meinte at innhaldet i meldinga var avgjerande, til dømes om meldinga handla om mors omsorgsevne så var det ikkje naudsynt å inkludere far i undersøkinga. Andre gav uttrykk for at ein alltid skulle informere og inkludere begge foreldra i undersøkinga. Vi meiner dette er eit sårbart område i tenesta sitt arbeid med undersøkingar, og leiinga må sørge for at partsrettar blir avklart og at undersøkingar blir innretta for å avklare barnets omsorgssituasjon samla, det vil si at undersøkingar inkluderer både den barnet bur hos og samværsforeldre.

Barn over 15 år har egne partsrettar i barnevernets undersøking. I saksgjennomgangen fann vi ingen samtykker frå barn, sjølv om både barnets alder og det bekymringa omhandla, tilsa at det kunne vere nødvendig.

Vi vurderer derfor at barnevernstenesta har eit forbettringspotensial i forhold til å sikre alle barn og foreldre får vurdert og konkludert på, om de er part i undersøkinga. Dei vil då få mogelegheit til å kunne gjera gjeldande partsrettar etter barnevernslova og forvaltningslova. Blant anna at ein part i en sak har rett til å gjera seg kjent med

dokumenta i saka, rett til kontradiksjon og rett til å klage. Vi meiner at barnevernstenesta må bli betre på å aktivt ta stilling til kven som er part i saka. Dette bør også journalførast. Leiinga må sikre at alle i tenesta er kjent med dei partsrettane som følgjer av forvaltningslova.

Avgjerdsprosessar og vurderingar

I kravet til forsvarleg gjennomføring av undersøking, ligg blant anna at undersøkinga må omfatte alle relevante forhold og vere grundig nok til at barnevernstenesta kan vurdere kva som er barnet sitt behov for tiltak. Undersøkinga skal gjennomførast så raskt som nødvendig, og vere så omfattande som barnets situasjon krev. Gode og faglege vurderingar av barn sine behov i undersøkingsfasen er ein føresetnad for at barnevernstenesta skal kunne gje barnet forsvarleg hjelp. Det er naturleg at barnevernstenesta ved start av undersøkinga tek utgangspunkt i informasjonen i meldinga. Gjennom undersøkinga må barnevernstenesta vurdere og analysere informasjon de har, ta stilling til kva det er behov for å undersøke nærare, og om undersøkinga eventuelt må justerast ut frå informasjonen som kjem til undervegs. I saksgjennomgangen ser vi at barnevernstenesta i nokon saker undersøker same tema fleire gonger. Dette utgjer slik vi ser det ein risiko for at barns omsorgssituasjon i nokon saker ikkje blir avklara innan rimeleg tid. I fleire saker er det ikkje dokumentert at barnevernstenesta systematisk har gjennomgått den samla informasjonen dei har om barnet og familien og analysert til dømes om tiltaka som er satt inn er tilstrekkeleg for å ivareta barnets omsorgsbehov. I desse sakene ser vi likevel at barnevernstenesta ofte har hatt kontakt med familien mellom undersøkingane, og at det går fram av sakens dokumenter at det er bekymring for barnet, men at det av ulike årsaker ikkje har lukkast barnevernstenesta å få svart ut alle bekymringsforholda i den første undersøkinga.

Dette utgjer slik vi ser det ein risiko for at nokon av undersøkingane ikkje fangar opp vesentlege forhold som er av betydning for å forstå barns situasjon og behov.

Vi meiner at våre funn ikkje er teikn på systematisk svikt i tenesta, men ved at barnevernstenesta systematisk følgjer opp informasjon som kjem inn undervegs i saka, og ved at informasjon om familien frå tidlegare blir teke med i pågåande undersøkingar, sikrar tenesta at all tilgjengeleg informasjon om barnet kan bli analysert og vurdert forsvarleg. Vi ser at analyse og vurderingsarbeidet blir gjort i dei aller fleste sakene vi har gått igjennom, men vi er samde med tenesta sin eigen vurdering av at analysearbeidet bør bli meir systematisk.

Vår samla vurdering er at barnevernstenesta i dei fleste sakene avklarar barns omsorgssituasjon tilstrekkeleg godt, og får iverksett tiltak som er tilpassa barnet og familien sine behov innan rimeleg tid. Vi ser òg at barnevernstenesta i fleire saker setter inn tiltak i pågåande undersøkingar for å sikre barnet.

Dette kan til dømes vere umelde heimebesøk og/eller urinprøvar av foreldre. Vi meiner avgjerdsprosessar og vurderingar undervegs i arbeidet er i tråd med kravet til forsvarleg verksemd, og at praksis er i tråd med tenesta sine rutinar.

Barnes rett til medverknad og grunnlag for avgjerder

Barns rett til å medverke er ein grunnleggjande rett, og barns mening og syn på saka er avgjerande for å opplyse barnevernssaka godt nok. Tenesta har som rutine at kontaktpersonen snakkar med barn som ein del av undersøkinga. Dette blir bekrefta av saksgjennomgangen og intervju. Vi ser at barnevernstenesta gjennom å snakke med barnet om bekymringa og om sin situasjon, får den viktigaste kjelda til informasjon om barnets omsorgssituasjon, og dermed få eit tilstrekkeleg grunnlag for sine vurderingar.

Vidare ser vi i saksgjennomgangen at barnet blir snakka med fleire gonger, for at barn skal få tillit til barnevernstenesta, bli kjent med kontaktpersonen, forstå kva dei skal uttale seg om og kvifor informasjon frå dei er viktig. Vi ser at barnevernstenesta legg til rette for at samtalen med barnet blir gjennomført slik at barnet skal føle seg trygg, til dømes ved at foreldra eller lærar er til stades. Vidare ser vi at barnevernstenesta har snakka om sentrale tema/innhaldet i bekymringa med barnet, og at barnet i hovudsak blir snakka med kort tid etter til dømes ei alvorleg hending har skjedd. I nokon få saker er det også dokumentert at dei har fått informasjon om korleis informasjonen blir brukt og kven som får vite kva dei har fortalt. Vi oppmodar tenesta til å dokumentere dette i alle sakene, då det kan bidra til at barn får nødvendig tillit til å snakke fritt og trygt.

Vi meiner barnevernstenesta legg til rette for at barn får informasjon om bekymringa og barnevernstenesta sitt arbeid. Vi meiner òg at det i arbeidet blir lagt til rette for at barn skal bli trygge nok til å kunne uttale seg om sin situasjon til kontaktpersonen.

Barns rett til å medverke betyr at barns mening skal bli vurdert opp mot andre forhold før det blir gjort vedtak i saka. Barn skal bli orientert om arbeidet som blir gjort undervegs i undersøkingar, og få tilpassa informasjon om si sak.

Vi meiner på denne bakgrunn at tenesta sikrar medverknad, og får kunnskap om barnet til å gjere forsvarlege vurderingar av omsorgssituasjonen.

Barnets beste

På bakgrunn av at omsynet til barnets beste er avgjerande i barnevernssaker, er det plikt til å dokumentere barnets beste i barnevernstenestas avgjerder. Under dette skal barneverntenesta dokumentere barnets synspunkt og kva vekt synspunktet er tillagt.

Konklusjon på undersøkinga og vurderingar knytt til konklusjonen skal komme fram i vedtak om avslutning av undersøkinga. Det er gjort vedtak i alle sakene vi har gått igjennom. I fleire av vedtaka er det manglar ved at det ikkje går fram korleis informasjon om og frå barnet er vurdert opp mot annan informasjon. Dette gjeld også vurdering av barnets beste. Fleire av vedtaka mangla og informasjon om kva for hjelp barnet sjølv fortalde det hadde behov for. Når vi les undersøkingsrapportane og journalnotat finner vi informasjon om dette. Sjølv om dette er ein svakheit, meiner vi at det ikkje er av eit slikt omfang at det utgjør eit lovbrøt. Vi forutset at barnevernstenesta jobbar med rettleiing og godkjenning av vedtak, slik at dei nemnte manglane blir retta opp.

Leiinga sin oppfølging og kontroll av arbeidet i undersøkingar

Vi vurderer at tenesta sin internkontroll er tydeleg. Tenesta si organisering er klar, og ansvars- og rapporteringslinene mellom einingsleiar og leiinga i kommunen, og mellom einingsleiar og lagleiarane/fagleiar og kontaktpersonane er tydeleg og satt i system med rutinar og regelmessige møter.

Vi meiner at leiinga på ein systematisk måte følgjer med på at undersøkingar blir gjennomført slik at barns omsorgssituasjon blir avklart innan rimeleg tid. Vi vurderer at leiinga følgjer med på at kvaliteten på undersøkingar er innanfor lovkrav, både når det gjeld framdrift, dokumentasjon, vurdering og konklusjon. Sjølv om vi har påpeika forbedringspunkt hos tenesta, meiner vi at barnevernstenesta sine rutinar på ein god måte skildrar kva som skal gjerast i dei ulike fasane av undersøkinga, og at det er gode nok system for å kontrollere og ha oversikt over at arbeidet blir forberedt og gjennomført på ein planmessig måte.

Kontaktpersonane og lagleiarane har treffpunkt for rettleiing og evaluering gjennom undersøkinga, og einingsleiar skal godkjenne vedtak om tvang. Einingsleiar har leiarmøte med lagleiarane annan kvar veke der faste punkt som personalsituasjonen, gjennomgang av nøkkeltal, økonomi og gjennomgang av meldte avvik.

Samsvar i intervju med tilsette viser at rutinane, ansvarslinene, rapporteringslinene og avgjerdsmynde i forhold til undersøkingsarbeidet er kjent for dei tilsette og blir brukt i arbeidet. Vår gjennomgang av saksmappene er samstemt med den praksis dei tilsette fortalte om. Også politisk leiing blir haldt orientert om status i tenesta.

Grunna samsvar mellom skriftlege rutinar og intervju samanstillt med våre funn i saksgjennomgangen er vår vurdering at barnevernstenesta gjennom sin styring og leiing sikrar forsvarleg planlegging og gjennomføring av undersøkingar.

5. Statsforvaltarens konklusjon

Det vart ikkje avdekka lovbrøt under tilsynet.

Endeleg rapport vert oversendt Statens helsetilsyn for publisering på www.helsetilsynet.no

Med helsing

Sjur Lehmann
fylkeslege

Vibeke Herskedal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

I dette vedlegget omtaler vi korleis tilsynet vart gjennomført, og kven som deltok. Varsel om tilsynet vart sendt 17.08.2021.

Tilsynsbesøket blei gjennomført ved SIB, og innleia med eit kort informasjonsmøte 19.10.2021. Oppsummerande møte med gjennomgang av funn blei halde 21.10.2021. Ein del dokument blei tilsendt og gjennomgått på førehand, mens andre dokument blei overlevert og gjennomgått i løpet av tilsynsbesøket.

Følgjande dokument vart gjennomgått og vurderte som relevante for tilsynet:

- Organisasjonskart for kommunen
- Samarbeidsavtale for Sunnhordland Interkommunale barnevern
- Organisasjonskart for barnevernstenesta
- Oversikt over tilsette, utdanning og lagsamansetjing
- Ansvars- og oppgåvefordeling i SIB – barnevernsleiar, fagleiar, lagleiar, og kontaktpersonar
- Kompetanseplan for Sunnhordland Interkommunale barnevernsteneste 2020-2021
- Rutine/mal barnesamtale
- Klementsruddarbeid – erfaringsbasert metode for barnevernstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar
- Rutine/mal gjennomgang melding
- Rutine/mal undersøkingsrapport
- Rutine Mottak og registrering av melding
- Rutine Gjennomgang og vurdering av melding
- Rutine Tilbakemelding til melder
- Rutine Iverksetting av undersøking

- Rutine Gjennomføring av undersøking
- Rutine Fyrstesamtale
- Rutine Innhenting av informasjon
- Rutine Utviding av frist ved undersøking
- Rutine Konklusjon av undersøking
- Prosedyre Undersøkingsrapport
- Sjekkliste for arbeid med undersøkingar
- Prosedyre Interne fristar
- Prosedyre Melde til politiet ved alvorlege brotsverk
- Handlingsplan mot vald og overgrep 2020-2024
- Oversikt over meldingar
- Oversikt over undersøkingar
- Kontaktinformasjon til barn og foreldre for intervju

Det vart valt 22 mapper etter følgjande kriteria:

Undersøkingar gjennomført i perioden frå 1. august 2021 til 31. juli 2021.

Undersøkingane vi har valt ut er saker der det er bekymring for at barn er utsett for alvorleg omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep.

I tabellen under gir vi eit oversyn over kven som vart intervjuet, og kven som deltok på oppsummerande møte ved tilsynsbesøket:

Ikkje publisert her.

Vi har i samband med tilsynet intervjuet to barn og ti foreldre/foreldrepar.

Desse deltok frå tilsynsmyndigheita:

- seniorrådgjevar, Vibeke Herskedal, Statsforvaltaren i Vestland, revisjonsleiar
- seniorrådgjevar, Eva Ekblom, Statsforvaltaren i Vestland, revisor
- seniorrådgjevar, Gunn Randi Bjørnevoll, Statsforvaltaren i Vestland, revisor

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

2020–2021 Undersøkelser i barnevernet

Søk Q